

IVAR EIMHJELLEN OG GURO ØDEGÅRD

# Klima og migrasjon

To casestudier av sivilsamfunnsorganisering i ei ny tid



Ivar Eimhjellen og Guro Ødegård

---

Klima og migrasjon

To casestudier av sivilsamfunnsorganisering i ei ny tid

---

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Bergen/Oslo 2016



© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2016  
Rapport 2016:2

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor  
Co/Institutt for samfunnsforskning  
Munthes gate 31  
Postboks 3233 Elisenberg  
0208 Oslo  
[www.sivilsamfunn.no](http://www.sivilsamfunn.no)

ISBN (pdf): 978-82-7763-500-2  
ISSN (web): 1891-2176

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Uni Rearch Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning.



---

# Innhold

Innhold .....	5
Introduksjon .....	7
1 Utvikling og funksjonar i norsk frivilligliv	
<i>Ivar Eimhjellen</i> .....	11
Ei todeling av organisasjonssamfunnet .....	11
Globalisering .....	12
Migrasjon .....	13
Kommunikasjonsteknologi .....	14
Sivilsamfunnet sine funksjonar .....	15
Sivilsamfunn som politikk og interessekamp.....	16
Sivilsamfunn som integrasjonsarena .....	19
Sivilsamfunn som verdi- og velferdsproduksjon .....	21
Litteratur .....	24
2 Nytt lokalt engasjement: Ein studie av Bærekraftige Liv i Bergen	
<i>Ivar Eimhjellen</i> .....	27
Utvikling av miljøørsla .....	28
Miljøengasjement som lokalt engasjement og fellesskap; eit internasjonalt døme.....	29
Oppstart og utvikling av Bærekraftige Liv i Bergen.....	31
Organiseringsform .....	34
Kommunikasjonsteknologi .....	35
Nettverket veks .....	37
Omorganisering og formalisering .....	41
Lokal tilpassing .....	44
BL Løvtakken.....	45
BL Hellemyren .....	47
Bærekraftige Liv som sosialt entreprenørskap .....	49
Frå protest til fest. Bærekraftige liv som politisk prosjekt.....	52
Bærekraftige Liv som eit fleirdimensjonalt initiativ .....	54
Litteratur .....	59

3	Kulturformidler eller politisk aktør? En studie av flerkulturelle barne-og ungdomsorganisasjoner	
	<i>Guro Ødegård</i> .....	61
	Problemstilling .....	66
	Teoretiske perspektiver .....	68
	Data og metode .....	71
	Analyser: I spenningsfeltet mellom nasjonal kulturformidler og politisk innovatør .....	73
	En presentasjon av organisasjonenes rammebetingelser og formål .....	74
	Oppsummering .....	85
	Organisasjonene som medlemsrettede kulturorganisasjoner .....	87
	Identitet som betingelse for integrasjon og brobygging .....	89
	Utdanning: Veien ut av en marginalisert posisjon .....	92
	Oppsummering .....	94
	Organisasjonene i en samfunnspolitisk forståelsesramme .....	95
	Institusjonell nettverksbygging nasjonalt og transnasjonalt .....	96
	Organisasjonene som politiske aktivister .....	100
	Organisasjonsetablering som ungdomsopprør .....	100
	Demokratieksport .....	102
	Når kultur blir politisk kamp .....	104
	Oppsummering .....	108
	Drøftelse .....	109
	Rammebetingelser og sårbarhet .....	110
	Identitet som grunnlag for integrasjon .....	112
	Organisasjonenes samfunnsrolle og kritiske korrektiv .....	113
	Konklusjon og videre forskning .....	114
	Litteratur .....	117
4	Nye organiseringsformer i ei globalisert tid	
	- Ein samlande konklusjon .....	121
	Appendiks .....	125
	Samandrag/Abstract .....	127



---

## Introduksjon

I det norske offentlige ordskiftet blir Noreg gjerne kalla for «frivillighetslandet». Omgrepet ber i seg ei viss sanning. I eit internasjonalt perspektiv er det norske sivilsamfunnet prega av ein svært høg organisasjonstettleik av lokale, regionale og nasjonale organisasjonar. Det er fleire frivillige organisasjonsmedlemskap enn det er borgarar i landet, og den frivillige innsatsen for lag og foreiningar er svært høg. Samtidig ser vi kimen til relativt store endringsprosessar innan sektoren. Som vi skal komme tilbake til, går enkelte så langt som å hevde at den tradisjonelle organisasjonsmodellen er under press. Bakteppe for ein slik karakteristik er mellom anna at den tradisjonelle medlemskapsmodellen taper terreng. Dette betyr ikkje at færre er med i ein frivillig organisasjon, men tilknytingsforma blir lausare og mindre formell. Også organisasjonslandskapet er i endring. Nye former for kollektive handlingsformer trer fram – og det er ikkje nødvendigvis lenger slik at lokale foreiningar er tilslutta ei nasjonal ening. Det er heller ikkje lenger slik at ei nasjonal eining har lokale lag – med ein hierarkisk og interdemokratisk struktur.

Den norske Makt- og demokratiutgreiinga meinte i 2003 at desse endringstrekk bidrog til å svekke demokratiet og det norske folkestyret. Når organisasjonane sin interdemokratiske struktur forvitrar, svekkast ikkje berre organisasjonane si rolle som «skular i demokrati» for enkeltindivid, men også deira rolle ovanfor det politiske systemet. Dette inneber å vere eit bindeledd mellom enkeltindivid og myndigheitene, som ein korporativ kanal der folket – gjennom organisasjonane - har mogelegheit for å vere kritiske korrektiv ovanfor maktapparatet.

I denne rapporten tener dette endringsbiletet og diskusjonen kring moglege konsekvensar av endringar som bakteppe for to casestudier, som utgjer det empiriske bidraget i rapporten. Dei to studiane syner eksempel på nye organisasjonsformer som har fått fotfeste i ein norsk sivilsamfunns-kontekst. Den fyrste casestudien er av grasrotinitiativet Bærekraftige Liv i

Bergen, og den andre er ein casestudie som inkluderer åtte nasjonale organisasjonar for barn og unge med fleirkulturell bakgrunn. Det er to svært ulike case, men som har det til felles at dei svarer på globale utfordringar som strekk seg utover nasjonalstatens rammer, nemleg *klima* og *migrasjon*.

Bærekraftige liv ber i seg globale strømingar knytt til klimaendringar. Målsettinga med initiativet er å samle menneske i lokalmiljø rundt dei klimautfordringane verda står overfor. Å inspirere til mindre forbruk, naturvennlege handlingar og å arbeide for gode miljøvennlige fellesskapsløysingar ser ut til å ha gjeve inspirasjon til danninga av ein ny kollektiv identitet og kulturelle endringstrekk på individnivå knytt til livsstil og global politikk – med lokal innpakking.

Dei nasjonale fleirkulturelle barne- og ungdomsorganisasjonane har oppstått i lys av dei unge eller deira forfedre si innvandring til Noreg. Målsettinga for organisasjonane har vore å skape eigne møtestader og arena for sosial og politisk integrasjon for unge med ein tokulturell identitet. Desse organisasjonane er også berarar av transnasjonale band til eit heimland eller andre vestlege vertsland for flykningar frå eit felles land eller region. Dette skaper grunnlag for ei transnasjonal frivillig organisering som ber i seg ulike vilkår for identitet- og tilhørsle og samfunnsrolle.

Begge casa framstår som døme på organisasjonsentreprenørskap (el. innovasjon) der hensikta er å løyse overgripande samfunnsutfordringar knytt til berekraftig livsstil og integrasjon. At frivillige samanslutningar grip fatt i nye og påtrengande samfunnsoppgåver er ikkje eit nytt fenomen. Dei tradisjonelle folkerørslene på 1800-tallet vart også, som vi kjem tilbake til i neste kapittel, etablert for å løyse samfunnsoppgåver det offentlege ikkje hadde kapasitet eller evne til å gripe. Våre dømer kan slik sett sjåast på som organisasjonsformer i møte med nye typar av drivkrefter - sjølv om desse drivkreftene – klima og migrasjon - er svært forskjellige.

I lys av ei forståing av at den tradisjonelle organisasjonsmodellen er i endring, spør vi korleis vi kan forstå desse endringane? I kapittel 1 presenterer vi meir utfyllande kva utviklingstrekk som pregar det norske frivillige engasjement og kva funksjonar frivillige organisasjonar kan ha i samfunnet. Med dette som bakteppe går vi i kapittel 2 og 3 nærare inn på kvar enkelt casestudie. Eit felles spørsmål som blir stilt er om det er mogeleg å identifisere korleis desse endringstrekk tek form, reint organisatorisk. Korleis kan casestudiane bidra til å utvide vår forståing av kva frivillige organisasjonar er og kva funksjoner dei har i vår tid, både for den enkelte og for samfunnet? Dei to døma vi presenterer i det empiriske materialet, gjev innblikk i korleis nye problemstillingar skaper behov for nye former for fellesskap og dannar grunnlaget for nye fortellingar om kva retning frivillig organisering tar. Slik sett utfordrar desse døma vår tradisjonelle forståing av frivillige organisasjonar sine funksjonar, korleis dei organiserer seg, korleis dei driv sin aktivitet – og våre forståingar av dei etablerte analytiske

skiljelinjene mellom frivillige organisasjonar si rolle som konflikt- eller konsensusorienterte, og mellom deira rolle som samfunnsretta vs. medlemsretta (jfr. neste kapittel).

Denne korte introduksjonen er eit forsøk på å gje ei grunngjeving på kvifor to så ulike casestudier blir samla i ein felles rapport. Ivar Eimhjellen sin studie av Bærekraftige Liv blir presentert inngåande i kapittel 2, mens Guro Ødegård sin studie av dei fleirkulturelle barne- og ungdomsorganisasjonane utgjer kapittel 3. Begge studiane er å betrakte som kvalitative intervjustudier, med tilhøyrande dokumentanalyser. Data og metode blir presentert meir inngåande i kvar delstudie.

Sjølv om det ligg ei felles forståing til grunn for val av case, kan kvar enkelt casestudie lesast isolert. Dei framstår slik sett som sjølvstendige tekstar – med sjølvstendige teoretiske bidrag – i tillegg til det felles rammeverket som ligg i botn.



# Utvikling og funksjonar i norsk frivilligliv

Ivar Eimhjellen

I dette kapittelet skal vi fyrst ta for oss to sentrale utviklingstrekk som har bidrege til å forme nyare frivillig engasjement i Noreg: ei todeling av organisasjonssamfunnet og globalisering. Vi skal vidare drøfte dei ulike funksjonane som sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar kan ha for samfunnet meir generelt.

## Ei todeling av organisasjonssamfunnet

Nordmenn har over lengre tid vore kjenneteikna med ei utbreidd tilknytning til frivillige organisasjonar, både som medlemmer og som frivillige (Wollebæk og Selle 2002), og særskild innanfor interesseorganisasjonar og organisasjonar knytt til hobby og fritid. Lokalsamfunnsorientering og det lokale organisasjonsnivået har også lenge vore viktig i Noreg. Det er gjennom lokallaga at nordmenn tradisjonelt har vore knytt til frivillige organisasjonar, både som medlemmer og som frivillige, og gjennom dette delteke og utøvd sosialt og politisk engasjement. Sidan 1980-talet har vi sett ei utvikling der frivillige organisasjonar som er orienterte mot det nære nærmiljø har vore i særskild vekst (Christensen, Strømsnes og Wollebæk 2011; Wollebæk og Selle 2002). Sjølv om det generelt har vore ein tilbakegong i antal lokallag i Noreg (Arnesen og Sivesind 2015), har dreinga mot nærmiljøorganisering fortsett på 2000-talet (Christensen et al. 2011) og veksten er særskild observert i velforeiningar og i lokale interesseorganisasjonar, både i tal på organisasjonar og med ein jamn vekst i tal på medlemmer. Vi skal i kapittel 3 ta for oss eit døme på nye former nærmiljøorganisering og lokalt sosialt og politisk engasjement i Noreg, gjennom om ein studie av Bærekraftige Liv i Bergen. På nasjonalt nivå ser vi også ei auke i antal organisasjonar, mens tal på nasjonale organisasjonar med lokale og regionale lag går ned (Arnesen og Sivesind 2015). Vi ser her ei auka todeling av organisasjonssamfunnet der lokale organisasjonar i aukande er grad frittstående, utan koplingar til høgre

organisasjonsnivå. Dette er ein del av ein trend der ein tradisjonell hierarkisk organisasjonsmodell i Noreg, med eit lokalt, eit regionalt og eit nasjonalt nivå er i endring (Selle og Klausen 1995; Wollebæk og Selle 2002)

Saman med eit auka lokalt fokus ser også organisasjonslivet i Noreg ut til å bli meir uformelt. Lokale organisasjonar er i mindre grad formaliserte no enn før, der færre har nedskrivne vedtekter, møtereferat og medlemslister, og vi har også sett ein generell nedgang i møteverksemda i frivillige organisasjonar (Christensen et al. 2011; Wollebæk og Selle 2002). Lojaliteten til organisasjonar har også minka, og relasjonen mellom organisasjon og person ser ut til å bli svakare (Wollebæk, Selle og Strømsnes 2008; Wollebæk og Sivesind 2010). I følgje Tranvik og Selle (2007) er den tradisjonelle forma for frivillig deltaking i Noreg under press. Vi ser ei utvikling mot ein egalitær individualisme der nordmenn i større grad unngår aspekt ved frivillig deltaking som blir sett på som å ikkje gje gevinst. Nordmenn opplever i auka grad at store og byråkratiske organisasjonar er for treige, at varig engasjement er for krevjande, at administrative plikter i organisasjonar er for keisamt, at ideologisk baserte organisasjonar blir for politiske, og at breie sosiale fellesskap blir for kollektivistiske. Nordmenn deltek gjerne i frivillige organisasjonar, men mest viss dei kan gjere det på eigne premiss, og med ei forventning om at andre gjer det same. Nordmenn vil i større grad ha fridom til å utforme si eiga frivillige deltaking på andre måtar enn det dei tradisjonelle frivillige organisasjonane kan tilby (Tranvik og Selle 2007). Vi ser her ei utvikling som tyder på meir refleksive former for frivillig innsats (Hustinx og Lammertyn 2003) med færre koplingar mellom organisasjonar og individ og meir uforpliktande, kort-tids- og instrumentelt engasjement.

## Globalisering

Utviklingstrekk som er skisserte over er ikkje eineståande for Noreg. Vi kan sjå teikn til ein konvergens der globale endringar også gjer seg gjeldande i Noreg, der organisasjonssamfunnet og det frivillige blir meir likt det vi kan sjå i Europa og i den vestlige verda elles. Noko som kan verke paradoksalt er at globaliseringsprosessar også kan ha ført til det auka fokuset på det lokale som vi var inne på over. Mykje av litteraturen omkring globalisering peikar nettopp på korleis lokale identitetar og særpreg får auka betydning i ei meir globalisert verd. Dette er skildra for eksempel gjennom omgrepet *glokalisering* (Robertson 1995) der ein forstår globalisering som å innebere både homogenisering- og heterogenisering, det universielle og det partikulære, og det globale og det lokale. Det globale blir her uttrykt i det lokale samtidig som det lokale blir ei partikularisering av det globale (Robertson 1995). Samtidige og komplementære homogeniserings- og heterogeniseringsprosessar er vorte sentrale kjenneteikn ved samfunnsutviklinga i seinare tid. I lys av dette kan vi altså sjå den auka lokale

orienteringa, ein svekka hierarkisk organisasjonsmodell og meir refleksive former for frivillig innsats i Noreg som del av ei større global vending.

### *Migrasjon*

Som følge av globaliseringsprosessar opplever vi i Noreg ein auka migrasjon. I følge SSB (2015) var det ved inngangen til 2015 669 400 innvandrarak og 135 600 norskfødde med innvandarforeldre i Noreg, til saman 805 000. Innvandarar og norskfødde med innvandarforeldre utgjer med dette 15,6 prosent av folkemengda i Noreg, 13 prosent som sjølv har innvandra og 2,6 prosent barn av innvandararar. Dei største innvandarargruppene i Noreg kjem frå Polen (ca.100.000), Sverige (ca.39000) Litauen (ca.39000), Somalia (ca.38000), Pakistan (ca.35000) og Irak (ca.31000). I tillegg til arbeidsmarknaden, har sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar ein viktig funksjon for både den generelle og politiske inkluderinga og integreringa av innvandararar i Noreg (Ødegård, Loga et al. 2014). Etterkvart som innvandararar og deira etterkomarar utgjer ein stadig større del av befolkninga i Noreg blir desse tema endå viktigare.

Tidlegare forskning har synt at innvandarargrupper i Noreg deltek i mindre grad enn majoritetsbefolkninga i frivillige organisasjonar og i sosialt og politisk engasjement, men at dei samanlikna med andre land likevel held eit relativt høgt deltakingsnivå. I tillegg, om ein tar omsyn til sosial ulikskap, kor ein bur og alderssamansetnad, så er likevel ikkje deltakinga blant innvandararar så mykje lågare enn majoritetsbefolkninga si. Når det gjed dei meir formaliserte formene for frivillig deltaking, som formelle medlemskap og styreverv i organisasjonar, er personar med innvandarbakgrunn særskild underrepresentert i forhold til majoritetsbefolkninga. (Eimhjellen og Segard 2010; Enjolras og Wollebæk 2010; Wollebæk og Sivesind 2010). Også innanfor idrett og sport har minoritetsbefolkninga ei betydeleg deltaking (Christensen, Strømsnes og Wollebæk 2011; Eimhjellen og Segard 2010), men med en sterk underrepresentasjon av unge jenter med etnisk minoritetsbakgrunn (Strandbu og Bakken 2007). Der minoritetsgrupper er best representert i det frivillige er innan organisasjonar med eit internasjonalt perspektiv og innanfor religiøse organisasjonar. Organisasjonar for innvandararar og deira etterkomarar har auka i omfang dei seinare tiåra ettersom fleire innvandarargrupper har opparbeidd seg ei viss butid i Noreg. Slike minoritetsorganisasjonar er i stor grad basert på kulturell og/eller religiøs homogenitet og har i stor grad medlemmer frå spesifikke land eller områder (Predelli 2006; Rogstad 2007). Det er ingen nasjonale formelle paraplyorganisasjonar på dette området i dag. I 2003 vart det identifisert ti landsdekkande minoritetsorganisasjonar som fekk statsstøtte (då er ikkje barne- og ungdomorganisasjonane teke med). Berre eit par av desse kunne karakteriserast som medlemsbaserte organisasjonar, organisert av innvandarargrupper sjølv. Dei andre var stiftingar og nettverk eller

organisasjonar som særskild arbeider for asylsøkarar sine rettar eller kjempar meir generelt mot rasisme (for ei oversikt sjå Hagelund og Loga 2009).

Kunnskap om tal og type organisasjonar for grupper som har innvandra til Noreg eller etterkomarar av desse er avgrensa (sjå Hagelund og Loga 2009, Ødegård et al. 2014). Avhengig av definisjon på «innvandrorganisasjon» opererer også ulike instansar med forskjellige tall. I 2003 foretok Mjelve (2003) ei kartlegging som viste at det eksisterte om lag 1000 organisasjonar. Fleirtallet var lokale utan nasjonal overbygging, hovedsakeleg etablert for å ivareta og styrke etnisk og religiøs tilhøyrse. Organisasjonane på dette området har også vist seg i stor grad å vere retta innover mot egne medlemmer, heller enn ut mot samfunnet eller andre samfunnsgrupper og tema meir generelt (Predelli 2006). Vi skal i kapittel 3 sjå nærare på nokre nye nasjonale minoritetsorganisasjonar for ungdom i Noreg og den rolla dei spelar for identitetsdanning og sosial og politisk integrering. Å få ei fullstendig oversikt over omfanget av innvandrorganisasjoner byr på utfordringar ettersom det er uklart kor formelt slike er organisert. Nærstudiar av fleirkulturelle lokalsamfunn syner at aktivitetstilbod av og for etniske minoritetsgrupper er langt meir omfattande enn kva lokale myndigheiter fangar i sine registreingar. Årsaken er at flere aktivitetar blir organisert av nettverka som ikkje er registrert som formelle, sjølvstendige foreiningar (Ødegård et al. 2014).

### *Kommunikasjonsteknologi*

Ein heilt sentral faktor i globaliseringa har vore ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), og spesielt internett, og Noreg ligg i verdstoppen i bruk av internett og sosiale medier. Denne kommunikasjonsteknologien har gjort geografisk avstand mindre avgrensande for kommunikasjon, samhandling og organisering. Samhandling og kommunikasjon kan no like godt gå føre seg mellom personar i åtskilde bygder i Noreg som mellom storbyar på kvar si side av jorda. Så lenge ein har ei kopling til internett har ein tilgang til mykje av den same informasjonen som resten av verda.<sup>1</sup> Den nye kommunikasjonsteknologien har bidrege i å gjere den hierarkiske organisasjonsmodellen sin funksjon i å knyte saman by og bygd i Noreg mindre viktig. Den nye kommunikasjonsteknologien er vidare hevda å ha endra vestlige samfunn til eit samfunn med ein infrastruktur av sosiale nettverk, tekniske nettverk og medienettverk på individ-, gruppe-, og samfunnsnivå der aktivitetar og prosessar i aukande grad handlar om kommunikasjon (Van Dijk 1991). Ansikt til ansikt kommunikasjon blir supplert med eit mangfald av nye former for mediert kommunikasjon som

- 
1. Ei sanning med modifikasjonar. Jamfør internettsensur og Google si rangering av informasjon.
  2. Kjært barn har mange namn: Sivilsamfunnsorganisasjonar, frivillige organisasjonar, sosial rørse-organisasjonar, tredje-sektor organisasjonar, non-profit organisasjonar, etc. Dei kan kvar vise til spesifikke organisasjonstypar, men peikar alle på organisasjonar som kan seiast



igjen kan vere med på å forsterke andre samfunnsutviklingstrekk. IKT er i dag ein grunnleggjande infrastruktur for samfunnsutvikling, og har konsekvensar for korleis vi engasjerer og organiserer oss i sivilsamfunnet. Ved hjelp av kommunikasjonsteknologi kan ein donere pengar, delta i underskriftskampanjar, engasjere seg i frivillig arbeid og bli medlem i organisasjonar, samt ulike interessebaserte- og diskusjonsgrupper på nett. Det er no enklare å organisere kollektiv handling utan formelle organisasjonsstrukturar der individ og uformelle grupper kan spreie informasjon og potensielt mobilisere og engasjere til handling. Gjennom ny kommunikasjonsteknologi kan ein også delta i den offentlege debatten, spreie og få tilgang til politisk informasjon.

## Sivilsamfunnet sine funksjonar

Sivilsamfunnsorganisasjonar blir tillagt mange ulike samfunnsroller og funksjonar, gjerne knytt til utviklinga av gode samfunn, til velferd, sosial integrasjon, politisk styring eller til demokrati.<sup>2</sup> Perspektiva på kva typar organisasjonar, arbeidsmåtar eller ideologiar som er mest verdifulle i sivilsamfunnet varierer. Ein viktig distinksjon er skiljet mellom ei politisk og demokratisk rolle (Tocqueville 1969) og ei sosial integrasjonsrolle som sivilsamfunnsorganisasjonar er hevda å ha. Med integrasjonsrolla tenkjer ein mest på korleis sivilsamfunnsorganisasjonar kan bidra til å skape sosial integrasjon, tilhøyrse og sosiale relasjonar mellom menneske. I dette perspektivet blir interessefellesskap og konsensusorientering vektlagt. Frå eit anna og meir politisk orientert sivilsamfunnsperspektiv fokuserer ein mest på den demokratiske rolla som organisasjonar kan ha, som ein infrastruktur og korporativ kanal mellom medborgarar og staten (Rokkan 1967). Her blir organisasjonane si rolle som aktørar i interessekampar framheva, der konflikt er ein innebygd del av det politiske systemet. Eit tredje perspektiv på sivilsamfunnet er eit økonomisk, der ein ser på rolla sivilsamfunnsaktørar har for verdiskaping, velferdsproduksjon og sysselsetting.

Eit anna skilje i perspektiv på sivilsamfunnsorganisasjonar er i kva grad organisasjonane og organisasjonsarbeidet rettar seg innover mot sine egne aktive og medlemmer, eller om dei er meir opptekne av andre individ, grupper eller saker i samfunnet meir generelt. David Horton Smith (Smith 1993) skil her mellom samfunnsretta (public benefit) og medlemsretta (member benefit) frivillige grupper. Samfunnsretta grupper arbeider hovudsakleg for å tene eller støtte utanforståande grupper eller menneske, mens medlemsretta grupper i

---

2. Kjært barn har mange namn: Sivilsamfunnsorganisasjonar, frivillige organisasjonar, sosial rørsle-organisasjonar, tredje-sektor organisasjonar, non-profit organisasjonar, etc. Dei kan kvar vise til spesifikke organisasjonstypar, men peikar alle på organisasjonar som kan seiast å tilhøyre sivilsamfunnssfæren.

hovudsak arbeider for eller dreier seg omkring egne interne medlemmer heller enn dei som står utanfor. På bakgrunn av desse ulike perspektiva på kva roller og funksjonar sivilsamfunnsorganisasjonar er tenkt å fylle kan vi lage ein enkel figuroversikt over seks idealtypiske organisasjonsformer (sjå Figur 1).

*Figur 1: Perspektiv på sivilsamfunnet sine funksjonar*

	Samfunnsretta	Medlemsretta
<b>Politikk</b>	Sivilsamfunn som politisk sfære	Sivilsamfunn som interessekamp
<b>Integrasjon</b>	Sivilsamfunn som sosial integrasjon - <i>kommunitarisme</i>	Sivilsamfunn som sosial møtestad – <i>sosial kapital</i>
<b>Økonomi</b>	Sivilsamfunn som velferdsproducent - <i>ideell velferdsproduksjon</i>	Sivilsamfunn som lokalt økonomisk fellesskap - <i>kooperativer</i>

Vi skal vidare gå inn på nokre sentrale element i dei ulike perspektiva, omgrep og litteratur på sivilsamfunnets funksjonar.

## Sivilsamfunn som politikk og interessekamp

I eit *politisk perspektiv* på sivilsamfunnet og organisasjonane så vektlegg ein dei formelle organisasjonane sine roller i avgjerslesystemet, som interesseformidlarar og forsvarar av ulike interesser, verdiar og livssyn (Foley og Edwards 1996; Rokkan 1987; Rueschmeyer, Rueschmeyer & Wittcock 1998; Selle og Klausen 1995; Skocpol, Ganz & Munson 2000). Her blir organisasjonane si politiske rolle framheva der dei er aktørar i interessekampar. Dette er ei eksplisitt *politisk fortolking* av sivilsamfunnsomgrepet og organisasjonane si rolle (Henriksen 1994). Ein ser på rolla som frivillige organisasjonar har i forhold til styringssystemet; som institusjonaliserte representantar for ulike særinteresser som kan komme til orde gjennom høyringar, eller at dei deltek i avgjerslesystemet gjennom det Stein Rokkan kalla for «organisasjonskanalen» (Rokkan 1967, Olsen 1980, Egeberg 1981). Organisasjonane si innverknad blir her knytt til deira eventuelle uformelle kopling til partistrukturen eller til deltaking i meir formelle korporative arenaer som for eksempel utval, styrer og råd. Den korporative kanalen blir sett på som ein alternativ kanal for demokratisk innverknad i tillegg til den numeriske «valkanalen». Desse organisasjonane har lenge vore – og er endå – viktige politiske institusjonar i Noreg, både lokalt og nasjonalt. Dette gjeld kanskje spesielt for Norge fordi organisasjonssamfunnet her i stor grad har vore bygd opp med ein hierarkisk-demokratisk modell, med eit lokalt nivå, eit regionalt nivå og eit nasjonalt nivå. I et slikt system blir lokale interesser kanalisert oppover i systemet, mens sentrale avgjersler, vedtak og bodskap blir kommunisert ned til det lokale nivået. Organisasjonar skal kunne fungere som formidlarar av interesser frå individnivå til statsnivået og vere ein forsvarar av fridomen til grupper og enkeltindivid mot overgrep frå staten (Gundelach & Torpe 1997;

Strømsnes 2001). Organisasjonane er på denne måten institusjonaliserte sambandslinjer mellom det lokale og det nasjonale, mellom grasrota og sentrale myndigheiter, dei knyt samfunnet saman.

Innanfor dette perspektivet er det den eksterne politiske rolla som organisasjonane har som er mest vektlagt – at organisasjonane rettar seg utover mot samfunnet som interesserepresentantar, heller enn innover mot eigne medlemmer og eigne aktivitetar. Likevel kan ein skilje mellom organisasjonar som mest representerer interne medlemsinteresser og organisasjonar som fokuserer på meir generelle politiske interesser.

Ein annan sentral dimensjon i dette konfliktperspektivet er i kva grad organisasjonane opererer innanfor eller på sidan av det etablerte institusjonaliserte politiske system. I eit slikt perspektiv vil det vere dei store landsomfattande medlemsorganisasjonane med mange medlemmer og støttemedlemmer som er viktige sidan medlemene gjev legitimitet til organisasjonane og styrkjer deira rolle som institusjonaliserte nettverk av tillitsrelasjonar. Eksistensen av for eksempel medlemsbaserte interesseorganisasjonar er eit teikn på at medlemene har tillit til organisasjonane, at organisasjonane kan snakke for medlemene og at medlemene stolar på at organisasjonen forvaltar ressursane riktig (Wollebæk og Selle 2002). I denne rapporten undersøker vi to case som på kvar sin måte illustrerer både forholdet mellom eit konsensus og eit konfliktperspektiv på frivillige organisasjonar og om kva politikk kan vere. I kapittel 3 tek vi føre oss nasjonale organisasjonar for barn og unge med fleirkulturell bakgrunn, og diskuterer ulike samfunnsroller desse kan spele i spennet mellom å vere samfunnsretta og medlemsretta aktør.

Men kva då med sosiale rørsler, politiske grupper og organisasjonar som opererer utanfor dei formelle institusjonaliserte politiske rammene, og kva med alternative former for politikk? *Sosiale rørsler* kan skildrast som nettverk av menneske, grupper eller organisasjonar med ein kollektiv vilje til å endre på noko i samfunnet. Det handlar gjerne om å få fram alternative forståingar av det eksisterande, og å skissere alternative løysingar. Dei vil prøve å forstyrre dominerande meininger og skape nye språk, rammeverk og handlingar. Sosiale rørsler kan såleis vere med på å skape nye offentlige rom, re-fortolke dominerande diskursar, og foreslå alternative rammeverk for samfunnet (Melucci 1996). I studier av sosiale rørsler har perspektiv på konflikt, rivalisering og kollektiv identitet vore viktigare enn analysar av dei meir institusjonaliserte og formaliserte formene for kollektiv handling og sivil engasjement (della Porta & Diani 2011). I kapittel 2 skal vi ta for oss eit eksempel frå miljørørsla som kan problematisere innhaldet og perspektiv på kva sosiale rørsler og kva som kan tolkast som politikk.

Frå akademisk hald kan politikkomgrepet tolkast på ulike måtar og ha ulikt innhald. I følge Ekman og Amnå (Ekman og Amnå 2012) kan ein skilje mellom *latent* og *manifest* politisk deltaking. Manifest politisk deltaking

omfattar her formell politisk deltaking retta mot parlamentariske system, for eksempel gjennom val og kontakt med politikarar, men også utanom-parlamentariske handlingar og aktivisme, som å ytre sine meiningar og å delta i meir laust organiserte politiske handlingar og aksjonar. Men, som medborgarar kan vi også delta i samfunnet på andre måtar, utanom det politiske eller parlamentariske system, gjennom latent politisk deltaking. Dette kan for eksempel vere ei ekstra merksemd mot eller interesse for politiske og sosiale saker, eller engasjement og handlingar basert på desse interessene. Eit anna skilje i typar politisk handling (latent og manifest) er om dei blir utført individuelt eller kollektivt. Typiske individuelle handlingar vil vere å stemme ved val, signere underskriftskampanjar (manifest) eller personleg interesse for politiske saker (latent). Typiske kollektive handlingar vil vere medlemskap i politiske parti, deltaking i sosiale rørsler (manifest), eller ei opplevd tilhørsle til ei politisk gruppe eller ein politisert livsstil (latent) (Ekman og Amnå 2012). I eit slikt perspektiv vil også sosiale rørsler og kollektiv handling utanom formelle politiske system og kanalar kunne tolkast som politisk handling. Dette kan også skildrast som sub-politikk; om korleis politisk handling kan ta form utanfor formelle politiske system (Beck 1999).

Eit ideal for eit politisk demokrati er at den politiske diskursive orden sjølv synleggjer eksistensen av makt, konflikt, ulikskap og avhengighet i samfunnet (Mouffe 2005). Det motsette, nemleg eit *post-politisk demokrati*, vil heller vere prega av konsensus og semje der interessekonfliktar blir skjulte. Mange vil nok hevde at «mainstream» politikken i dag er prega av denne typen post-politikk, der ein tar for gitt dei eksisterande dimensjonane i ein politisk diskurs, og ein dekkjer over den sosiale konstruksjonen av desse elementa og av definisjonsmakta. Post-politiske representasjonar av samfunnet vil såleis kunne hindre større sosiale endringar og kan setje sjølv demokratiet på spel. I dette perspektivet vil demokrati utan synleg konflikt, makt og eksklusjon vere umogeleg.

Mange vil hevde at dei formelle politiske systema nasjonalt men også i aukande grad internasjonalt har fått svekka handlingsrom og gjennomføringsevne som følgje av ny-liberalismen og auka globalisering.<sup>3</sup> Ulike sub-politiske rørsler utanfor det formelle politiske systemet har dukka opp som reaksjonar på denne utviklinga. I følgje Ulrich Bech (Beck 1999) dukkar sub-politikk opp som ein reaksjon på ei svakare statsmakt, noko som potensielt kan vere med å styrkje sivilsamfunnet. Sub-politikk kan ta form som sub-kulturell politisk og sivil aktivitet som prøver å skape alternative rom innanfor ein dominerande kultur. Sub-politiske rørsler prøver gjerne å utforme alternative rom for meining og ulikskap, og å redefinere kven som er legitime

---

3. Ny-liberalisme som ein aggressiv form for kapitalisme som er fiendtleg innstilt mot organisering av arbeidskraft og velferdsstaten (Harvey, 2003). Marknadskultur, privatisering og personleg ansvar heller enn offentleg og felles ansvar.

politiske aktørar. Sub-politikken ynskjer gjerne å forstyrre den daglege «mainstream» politikken ved å stimulere medborgarar sine kjensler, og å politisere områder som tradisjonelt blir sett på som å vere utanfor «mainstream» politikken si sfære (Beck 1999). Det fundamentale spørsmålet som mange sosiale rørsler og sub-politikken stiller i dag er korleis vi skal leve, kva vi som samfunn og medborgarar skal utvikle oss til å bli, og korleis vi skal klare å finne att og rekonstruere demokratiske rom der desse og andre spørsmål kan bli stilt (Stevenson 2011).

## Sivilsamfunn som integrasjonsarena

I et *integrasjonsperspektiv* på sivilsamfunnsorganisasjonar er det meir den interne funksjonen for medlemmene og dei aktive som er i fokus. Her blir funksjonen til frivillige organisasjonar fyrst og fremst sett på som å vere sosiale møtestader, der menneske kan bli integrert i sosiale fellesskap lokalt og i samfunnet meir generelt. Her forstår ein organisasjonar mest som sosiale møtestader som skal kunne bidra til samfunnsintegrasjon. Ein grunntanke er at relasjonar mellom menneske og tilknytning til sosiale fellesskap er viktige føresetnader for å bli sosialisert inn i eit samfunn og for å oppretthalde ein identitet som eit samfunnsmedlem. Frivillige samanslutningar kan vere med på å skape, vedlikehalde og styrke slike fellesskap og fungere som møtestader der sosial tilhøyrse kan oppstå på tvers av sosiale skilje, alder og kjønn. Deltaking i frivillige samanslutningar kan vere med på å bryte ned fordommar og skape tillit til andre menneske, noko som er ein viktig føresetnad for all kollektiv handling. Frivillige organisasjonar blir her sett på som å kunne tilby kontinuitet, autensitet og stabilitet.

I integrasjonsperspektivet er også omgrepet sosial kapital sentralt. Dette er eit omgrep for å skildre korleis aktiv deltaking i fellesskap og i frivillige organisasjonar med møter ansikt-til-ansikt kan utvikle tillit og sosiale nettverk. Slike sosiale møter, tillit og nettverk mellom menneske blir her hevda å ha ein integrerande funksjon i samfunnet, eit «sosialt lim» som både er til individet, samfunnet, økonomien, og demokratiet sitt beste. Sosial kapital kan på denne måten sjåast på som ein sosial ressurs og noko som er av verdi for både individ og samfunn (Bourdieu 1993; Coleman 1988; Putnam 2000). Putnam (1993) framhevar to hovedformer for sosial kapital som har ulike funksjonar i forhold til integrasjon. Den fyrste, *samanbindande* (bonding) sosial kapital, handlar om nettverk og tillit mellom individ på grunnlag av at dei har like kjenneteikn, for eksempel etnisitet, språk, ideologi eller interesser. Denne typen kapital er viktig fordi den styrkar opplevinga av tilhøyrse og identifikasjon for dei som tilhøyrer same gruppe. Samtidig kan det vere ei utfordring om slike internt integrerte grupper berre held seg for seg sjølv, det kan føre til ei utestenging av andre grupper, og hindre integrasjon i storsamfunnet. Derfor er også *brubyggande* (bridging) sosial kapital viktig.

Denne kapitalforma bidreg til å kople individ saman på tvers av ulikskap. Eit slikt nettverk blir derfor meir utadretta mot nye grupper og nettverk, og mot offentligheten eller politiske myndigheiter, som igjen kan bygge tillit (Putnam 1993; Ødegård et al. 2014:9). Samanbindande og brubyggande kapitalformer utelukker ikkje kvarandre, og optimalt sett finn ein høg samanbindande og høg brubyggande sosial kapital i eit velfungerande og demokratisk samfunn, der grupper eksisterer side om side og kommuniserer med kvarandre.

Som en forlenging av, eller supplement til Putnam sine kapitalformer, er Woolcock (1998) sitt omgrep *lenkande sosial kapital* (linking social capital) også relevant. Her handlar det om nettverk og tillit mellom samfunnsnivå, mellom grasrota og styringsnivået, mellom medborgarar og myndigheiter. Her kan for eksempel representantar frå myndigheiter og frivillige organisasjonar fungere som meklarar mellom samfunnsnivå, mellom grasrotnivået (enkeltindivid eller grupper) og dei ulike myndigheitsnivåa. Ein samfunnsmeklar har gjerne kunnskap og erfaring frå dei ulike sfærene og nivåa og kan fungere som ein tolk begge vegar. Woolcock meiner her at Putnam si tilnærming blir for einsidig, og at han gjev grasrota for stort ansvar for samfunnsintegrasjon. Woolcock meiner at også myndigheitene, i samarbeid med sivilsamfunnet, kan legge til rette for å skape gode nettverk og dermed auke den sosiale kapitalen. Dette kan vidare påverke individ og sivilsamfunnet sin grad av tillit til myndigheitene.

I ein kommunitaristisk tradisjon rettar ein mest fokus mot samfunnsretta organisering (public benefit) heller enn mot nyttemaksimering og eigeninteresse (member benefit). Hos Etzioni (1993) er det særleg dei tette, lokale fellesskapa som blir dyrka. Det sivile samfunnet blir forstått som «community», eit fellesskap som er sjølvhjelp når det gjeld løysing av sosiale problem og som sikrar tilhøyrsløse for individa som inngår i fellesskapet. I dette perspektivet ynskjer ein seg vekk frå det upersonlege og framandgjerande som er hevda å prege det moderne samfunnet, og ein vil tilbake til eit samfunn med sterke mellommenneskelege band og som er fylt med fellesskaps- og ansvarskjensle (Etzioni 1993). Kommunitarismen frå rundt 1980-talet av kom som ein reaksjon mot utviklinga av velferdsstaten og store system som blir hevda å gjere individ mest orienterte mot kva rettar ein har heller kva plikter ein har. Etzioni meiner at dei individa som står nærast eit sosialt problem har hovudansvaret og deretter lokalsamfunnet. Berre viss slike lokale nettverk sviktar skal staten ha ansvaret. Det er styrken til lokale, identitetsskapande og samfunnsretta organisasjonar som er mest avgjerande for helsetilstanden til sivilsamfunnet. Det er det lokale kollektivet og lokalsamfunnet som blir framheva, ikkje storsamfunnet og staten – og heller ikkje dei individuelle medlemmene. Fokus er mellom anna retta mot eit ansvar som lokale foreiningar har til å bygge gode lokalsamfunn, løyse sosiale problem og bidra til tilhøyrsløse for den enkelte. Dei mest verdifulle organisasjonane i eit slikt perspektiv er lokale initiativ som gjev løysingar på sosiale problem og

oppløysingstendensar, og som skaper ansvarskjensle blant dei som deltek. Styrken til lokale, identitetsskapande og samfunnsretta foreiningar er her avgjerande for sivilsamfunnet sin tilstand. Klassiske dømer på denne typen organisasjonar er nabolags- og lokalsamfunnsorganisasjonar.

Der kommunitarismen fokuserer mest på samfunnsretta og utoverretta organisasjonar så ser Putnam og store delar av sosial kapital-litteraturen i større grad mot dei meir individ- og medlemsretta organisasjonane på lokalt nivå som viktige for sosial integrasjon og for demokratiet. Ideen om sivilsamfunnet i store deler av sosial kapital litteraturen er eit konfliktfritt og individorientert organisasjonssamfunn. Putnam framhevar i størst grad dei horisontale og maktneøytrale (konsensusorienterte) frivillige organisasjonane som best eigna til å skape sosial kapital og integrasjon. I følgje Putnam blir det gode samfunn best skapt nedanfrå og opp ved at sosiale nettverk, tillit og sivilt engasjement blir utvikla lokalt gjennom ansikt-til-ansikt kontakt i fritidsbaserte og ikkje-politiske aktivitetar. I slike frivillige organisasjonar kan det bli skapt overlappande arenaer for aktivitet og for sosiale nettverk der ein kan erfare at andre er til å stole på. Dette kan vere med på å bygge sosial kapital (forstått som tillit, sosiale nettverk og normer for gjensidighet), som igjen er med på å overvinne kollektive dilemma og kan bidra til demokrati. Deltakarane i organisasjonar blir sosialisert inn i verdiar som tillit, gjensidighet og engasjement og dei kan få byggje opp demokratisk kompetanse og interesse for samfunnsspørsmål. På denne måten vil organisasjonar kunne fungere som skular i demokrati.

I følgje Putnam vil alle typar frivillige organisasjonar som inneber direkte interaksjon kunne skape sosial kapital. Det er dei aktive medlemskapa og dei faktiske sosiale møta i organisasjonane som betyr noko. Andre former for passive medlemskap eller støttemedlemskap i organisasjonar har ikkje her noko særskild funksjon for sosial kapital – dei skaper verken sosiale nettverk eller sosialiserer medlemene. Eit anna viktig punkt for Putnam er at det i organisasjonane ikkje bør vere for mykje dominans og maktrelasjonar. Organisasjonar som er konfliktbaserte kan skape mistillit mellom grupper og øydeleggje sosial kapital. Folk skal kunne møtast på like vilkår som igjen kan gje grobottn for tillit. Dette ekskluderer med andre ord politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar fordi dei er for mykje basert på maktkamp og konflikt. Putnam legg også vekt på kva type struktur organisasjonar bør ha for å skape sosial kapital, og han framhevar spesielt dei horisontalt organiserte organisasjonane. Vertikale og hierarkiske organisasjonsnettverk med underordna og overordna vil vere mindre eigna til å løyse kollektive dilemma og til å skape sosial kapital.

## Sivilsamfunn som verdi- og velferdsproduksjon

I eit *økonomisk perspektiv* på sivilsamfunnet så handlar det mykje om kva typar og mengde arbeidsoppgåver, verdiproduksjon og sysselsetting som den

trede sektor står for – i tillegg til offentlig og privat sektor. Mykje av denne verdiproduksjonen handlar om velferdsproduksjon, som lenge har vært det offentlege, staten og kommunane sitt ansvar. Likevel var det dei frivillige organisasjonane som sto for mye av velferdsproduksjonen før velferdsstaten kom på bana. Dei frivillige organisasjonane var innovatørar og pionerar, samtidig som det frivillige også var pådrivarar for meir offentlig velferdsansvar og utviklinga av ein velferdsstat i Noreg (Kuhnle og Selle 1990; Nagel 1991). Frå 1950-60-tallet har det meste av velferdsproduksjonen i Noreg skjedd gjennom offentlig sektor. Med eit større press på velferdsstaten i fleire land med bakgrunn i økonomiske nedgangstider dei seinare år, og ikkje minst ein brei diskusjon om presset mot europeiske velferdsstatar, ser ein no i aukande grad mot både privat og frivillig sektor for å igjen kunne bidra til å løyse velferdsutfordringane vi står ovanfor.

Sosialt entreprenørskap og sosial verksemd er sentrale omgrep i eit slikt økonomisk perspektiv på sivilsamfunnet, og ikkje minst i samband med fornying og nyskaping i frivillig sektor i tilknytning til den offentlege og private sektor. Det fremste kjenneteiknet på sosiale entreprenørar er deira primære sosiale-, miljø- eller fellesskapsformål, der dei ved hjelp av ulike organisasjonsformer, entreprenørskap og innovasjon prøver å gje viktige bidrag til samfunnet, økonomien og miljøet på. Den underliggende motivasjonen for sosiale entreprenørar er gjerne knytt til det å skape sosial verdi og innovasjon (Dees et al. 2002; Austin et al. 2006). Dei blir gjerne kalla for «karismatiske heltar» og «endringsagentar» i korleis tenester blir levert og produsert på ved bruk av nye organisasjonsformer og nye marknader. Deira motivasjon er sosial og miljømessig effekt heller enn inntekt (ICEM 2012: 6), og dei ser etter nye mogelegheiter for å tene deira sosiale misjon, med ei sterk ansvarskjensle for ei målgruppe (Dees 1998: 4). Sosialt entreprenørskap er ein kombinasjon av ein overordna sosial misjon og entreprenøriell kreativitet (Nicholls 2006). Anderson og Hulgård understrekar at sosiale entreprenørar og deira verksemd ikkje bør reduserast til deira involvering på marknaden, sidan ein slik reduksjon ikkje tar omsyn til den rolla som sosiale rørsler, sivilsamfunn og velferdsstaten spelar i å skape sosial endring (Anderson og Hulgård 2015: 38). Organisasjonsformer som samvirke og kooperativ er dømer på ei organisasjonsform som høyrer inn under sosialt entreprenørskap. Samvirke er ein økonomisk organisasjon der medlemmer både eig og driv ei økonomisk verksemd. Verksemda er til for at medlemene skal ha størst mogeleg nytte av den, men dei kan også sjåast i eit samfunnsnytte- og allmenninteressespektiv der dei bidreg i økonomisk produksjon, sysselsetting og ofte har sosiale mål. Samvirkemodellen er ei demokratisk styreform som er open for alle, og der kvart medlem si stemme betyr like mykje uavhengig av innskoten kapital. I Noreg har vi ikkje hatt ein like sterk kooperativtradisjon som i andre land, for eksempel Finland, Italia og Danmark.



I ein tredelt samfunnsmodell beståande av tre, den offentlege, den private og den frivillige sektor, kan vi plassere sosialt entreprenørskap i eit område som plasserer seg i mellom desse tre sektorane (Defourny & Nyssens 2014). I dei ulike sektorane finn vi ulike handlingslogikkar: redistribusjon av ressursar i den offentlege sektor, profittmaksimering i den private sektor, og normbasert gjensidighet i den frivillige sektor. Den normbaserte gjensidigheten i frivillig sektor er her ein motsats til eit marknadsprinsipp om profittmaksimering, samtidig som det heller ikkje finnast ein sentral re-distribuerande autoritet som definerer transaksjonar (Defourny & Nyssens 2014). Mellom, og samanvevd med desse tre sektorane, finn vi ulike typar organisasjonar og initiativ som verken er reine offentlege eller private og profittgenererande organisasjonar. Dei er hybride organisasjonar som interagerer med ulike ressursar og logikkar og er kopla til ulike typar aktørar (Defourny & Nyssens 2014). I kapittel 2, om Bærekraftige Liv i Bergen, skal vi sjå korleis sosialt entreprenørskap kan vere ein del av nyskaping og utviklingstrekk i frivillig sektor, der også profittgenerering og entreprenørskap kan vere ein del av nyskaping og utviklingstrekk i sivilsamfunnet.

## Litteratur

- Arnesen, D., & Sivesind, K. H. (2015). *Hovedfunn: Organisasjonslandskap i endring*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Andersen, L. L. & Hulgård, L. (2015) *Social Entrepreneurship and Social Innovation. Initiatives to promote social entrepreneurship and social innovation in the Nordic countries*. Nordic Council of ministers: Denmark
- Austin, J., Stevenson, H. & Wei-Skillern, J. (2006) Social and commercial entrepreneurship: same, different, or both? *Entrepreneurship: Theory and Practice*, Vol. 30, No. 1.
- Beck, U., (1999): *Democracy without Enemies*. Cambridge: Polity.
- Bourdieu, P. (1993) The Forms of Capital, i Richardson, J. G., (red). *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. New York: Greenwood Press
- Christensen, D., Strømsnes, K., og Wollebæk, D. (2011): *Organisasjonene i Hordaland 1999-2009*. Rapport 3/2011. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Coleman, J., (1988) Social Capital in the Creation of Human Capital. *American Journal of Sociology* (94) 95-120.
- Defourny, J. & Nyssens, M. (2012) *The EMES Approach of Social Enterprise in a Comparative Perspective*, EMES Working Paper No.12/03.
- Dees, J.G., Emerson, J. & Economy, P. (eds.) (2002) *Strategic Tools for Social Entrepreneurs: Enhancing the Performance of Your Enterprising Nonprofits*. New York: John Wiley & Sons.
- della Porta, D., og Diani, M. (2011): "Social Movements" i Edwards, Michael (red.). *The Oxford handbook of civil society*. Oxford: Oxford University Press.
- Egeberg, M., Olsen, J., P., (1978) Organisasjonssamfunnet og den segmenterte stat. I: Olsen J., P., (red) *Politisk organisering. Organisasjonsteoretiske synspunkt på folketyre og politisk ulikhet* (pp. 257-272). Odlo: Universitetsforlaget.
- Eimhjellen, I., og Seggaard, S., (2010) *Etniske minoriteter og frivillige organisasjoner*. Rapport 4/2010. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
- Ekman, J og E., Amnå (2012): "Political participation and civic engagement: Towards a new typologi". *Human Affairs*, 22: 283-300.
- Etzioni, A (1993): *The spirit of community*. New York: Crown Publishers.
- Foley, M.W og B Edwards (1996): "The paradox of civil society". *Journal of Democracy*, 7 (3): 38-52.
- Gundelach, P og L Torpe (1997): *Social reflexivity, democracy and citizen involvement. Private groups and public life. Social participation, voluntary associations and political involvement in representative democracies*. London/New York: Routledge
- Henriksen, L.S (1994): "Det civile samfund: Tilbage til politisk filosofi". *Norsk statsvitenskaplig tidsskrift*, 10 (4): 357-374.
- ICSEM Invitation to join the ICSEM Project (2012). *The International Comparative Social Enterprise Models (ICSEM) Project*, Interuniversity Attraction Pole (IAP) on Social Enterprise (SOCENT) 2012–2017. URL: <http://www.iap-socent.be/content>

- Hustinx, L og F Lammertyn (2003): "Collective and reflective styles of volunteering: A sociological modernization perspective". *Voluntas*, 14 (2), 167-187.
- Mouffe, C (2005): *On the political*. London: Routledge.
- Melucci, A (1996): *Challenging codes*. Cambridge: University Press.
- Melve, J. (Ed.) (2003). *Innvandrersorganisasjoner i Norge*. København: Nordiska Ministerråd.
- Nagel, Anne-Hilde (red.) (1991). *Velferdskommunen. Kommunenes rolle i utviklingen av velferdsstaten*, Bergen: Alma Mater.
- Nicholls, A. (2008) (ed.) *Social Entrepreneurship: New Models of Sustainable Social Change*. Oxford: Oxford University Press.
- Olsen, J. P. og Sætren H. (1980) *Aksjoner og demokrati*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Predelli, L., N., (2006) *Innvandrersorganisasjoner i Norge. Utforming, aktiviteter og politisk deltakelse*. NIBR-rapport 2006:14. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Putnam, R. D. (2000). *Bowling alone: the collapse and revival of American community*. New York: Simon & Schuster.
- Robertson, R., (1995): "Glocalization: Time-space and homogeneity-heterogeneity" I: Featherstone, M., Lash, S., og Robertson, R., (red.), *Global Modernities*. London: Sage.
- Rokkan, S., (1987): *Stat, nasjon, klasse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rueschmeyer, D, M Rueschmeyer og B Wittock (1998): *Participation and democracy East and West: comparisons and interpretations*. Armonk, New York: M.E Sharpe.
- Selle, P., og Øymyr, B., (1995): *Frivillig organisering og demokrati. Det frivillige organisasjonssamfunnet 1940-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Smith, D.H (1993): "Public benefit and member benefit nonprofit, voluntary groups". *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 22 (1): 53-68.
- Stevenson, N., (2011): "Localization as subpolitics: The Transition movement and cultural citizenship". *International Journal of Cultural Studies*, 15 (1): 65-79.
- Strandbu, Å., & Bakken, A. (2007). *Aktiv Osloungdom: en studie av idrett, minoritetsbakgrunn og kjønn*. NOVA Rapport 2/2007. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst velferd og aldring.
- Tocqueville, A., (1969): *Om demokratiet i Amerika*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Tranvik, T., og Selle, P., (2007): "More centralization, less democracy: The decline of the democratic infrastructure in Norway" I: Trägård, L., (red.), *State and civil society in northern Europe*. Berghan Books.
- Van Dijk, J., (1991) *The network society*. London: Sage
- Woolcock, M. (1998). Social capital and economic development: Toward a theoretical synthesis and policy framework. *Theory and Society*, 27(2), 151-208.
- Wollebæk, D., og Selle, P. (2002): *Det nye organisasjonssamfunnet. Demokrati i omforming*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wollebæk, D., Selle, P., og Strømsnes, K., (2008): *Endringsprosesser i norsk frivillighet: En kunnskapsoversikt*. Bergen: Rokkansenteret.
- Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johnsen, K., & Ravneberg, B. (2014). *Felleskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Astrakt Forlag.



## Nytt lokalt engasjement: Ein studie av Bærekraftige Liv i Bergen

Ivar Eimhjellen

I denne delen av rapporten skal vi ta ein nærare kikk på initiativet Bærekraftige Liv i Bergen. Dette er eit lokalt grastroinitiativ som arbeider for å skape berekraftige lokalsamfunn og gode nabolagsfelleskap, der det overordna målet er å handtere klima og miljøutfordringane vi står ovanfor i dag. Vi skal fyrst kort ta for oss utviklinga av den generelle miljørørsla og av ei dreing mot det lokale, noko som Bærekraftige Liv er eit uttrykk for. Vidare skildrar eg utviklinga av initiativet, organiseringsformer og bruk av kommunikasjonsteknologi. Eg vil her prøve få fram kjenneteikn som kan illustrere meir generelle trekk ved utviklinga i det norske sivilsamfunnet, korleis ein organiserer seg og kva intensjonar, motivasjonar og sjølvforståing som ligg bak denne forma for engasjement. Sentrale spørsmål er vidare korleis denne type engasjement kan tolkast i lys av dei tre perspektiva på sivilsamfunnet sine funksjonar som vi var inne på over; politikk, integrasjon og økonomi. Kva samfunnsrolle kan slike initiativ spele i dag?

Datagrunnlaget for denne undersøkinga er mangfaldig. For det fyrste er det over en periode på fire år gjort (semistrukturerte) intervju med initiativtakarar og deltakarar i fleire bydelar i Bergen. Ein av initiativtakarane er intervjuet to gonger. Det er gjort deltakande observasjon i aktivitetar og oppstartsmøter, det er samla inn informasjon frå fleire nabolagsinitiativ gjennom ein kort nettsurvey, og det er samla inn informasjonsmateriale frå ulike nettsider og frå profilar på sosiale medier.

Eit føremål har vore å kunne gje fyldige skildringar (thick descriptions) av Bærekraftige Liv, og å få fram dei involverte sine blick og perspektiv på egne aktivitetar. Det er også gjort litteraturstudiar omkring frivillig engasjement, sivilsamfunnsteori og forskning på liknande initiativ. Informantane i prosjektet er anonymisert i teksten, men kan likevel identifiserast gjennom deira roller i Bærekraftige Liv. Dette har informantane blitt informert om og har samtykka til. Prosjektet er meldt inn til Norsk Samfunnsvitskapleg Datatjeneste.

## Utvikling av miljørørsla

Den historiske utviklinga av miljørørsla kan heilt kort skildrast gjennom tre utviklingssteg. Frå 1900-talet starta miljørørsla som ei jordnær, pragmatisk rørslé utan dei store politiske prosjekta. I Noreg såg vi dette i form av eit auka fokus på naturvern og med etablering av nasjonalparkar. Utover på 60- og 70-talet vart rørsla i større grad politisert gjennom utviklinga av eit meir radikalt politisk klima internasjonalt, og miljørørsla gjekk meir over frå å drive med miljøvern til å drive økopolitikk. Vi kan her sjå framveksten av dei nye sosiale rørsleane på 60- og 70-talet, miljørørsla inkludert, som ei revitalisering av sivilsamfunnet og som ei politisk aktivisering som kunne styrkje den demokratiske prosessen. Takka vere miljørørsla sitt arbeid, og ei politisk revitalisering og radikalisering av politikken på 60- og 70-talet, vart miljøsaka verkeleg sett på den politiske dagsorden (Seippel 2000). Miljørørsla har på denne måten vore svært politisk i sitt virke, og direkte knytt til lobbyisme, politikk og styring der den utøver press på styresmakter og institusjonar for lovendingar og implementeringsendingar, både på lokalt, nasjonalt og globalt nivå. Miljørørsla og miljøspørsmål er også etter kvart vorte ein del av det formelle politiske systemet med framveksten av eigne grøne politiske parti. Samstundes var – og er – miljørørsla mykje meir enn formell og institusjonell politikk. Miljørørsla representerte i si framvekst ei ny form for kollektiv mobilisering og sosiale rørsle som innebar deltaking frå nye grupper, nye verdier, og nye aksjons- og organiseringsformer. Miljørørsla har såleis gjeve utslag i ulike typar frivillige organisasjonar, interesseorganisasjonar, politiske parti, lausare nettverk og meir spontane aksjonsformer (della Porta & Diani 2011).

Når det gjeld organisasjonsform og aksjonsstrategiar, bestod den norske miljørørsla fram til 1990-talet av organisasjonar med betalende medlemmer og lokale lag der organisasjonen var bygd opp til eit nasjonalt nivå. Saman med endringar mot meir sentraliserte, spesialiserte og profesjonaliserte organisasjonar i norsk frivillig sektor (Selle og Klausen 1995), har også delar av miljørørsla vorte meir profesjonaliserte, spesialiserte og institusjonaliserte. Utviklinga mot ei meir elitistisk organisasjonsform og mindre fokus på internt demokrati, står i kontrast til dei sosiale rørsleane sine ideal om grasrotengasjement og flat organisasjonsstruktur. Dette kan sjåast på som ei institusjonalisering av miljørørsla. Fleire organisasjonar har no mange betalende støttemedlemmer, men som er utan demokratisk innflytelse. På trass av at to tredjedelar av medlemmer i norske miljøorganisasjonar tidlegare har vist seg å vere passive (Seippel 2000), utgjør likevel aktiv deltaking i organisasjonar ein betydeleg del av politisk handling i Noreg. Ein grunnleggande tillit og tiltru til frivillige organisasjonar i Noreg utgjør eit viktig grunnlag for miljørørsla sitt forsøk på å påverke den politiske agendaen. Denne tilliten gjer truleg også at tilgangen til det politiske systemet og offentlege komitear og organ blir lettare. Natur- og miljøpolitikk har også fått

eit ganske stort gjennomslag i partipolitikken ved at natur- og miljøomsyn i stor grad er tatt opp av dei eksisterande politiske partia. I seinare tid har også eit eige miljøparti fått stort gjennomslag i Noreg der Miljøpartiet De Grønne har kome inn på Stortinget og har fleire folkevalde på kommune- og fylkesnivå fleire stader i landet.

Miljørørsla har i dei seinare tiåra gått igjennom ei brei differensiering med auka forskjellar i ideologisk og verdimessig orientering, med ulike nasjonale, regionale og lokale uttrykk. Samtidig har vi også sett ei oppblomstring av nye lokale, konkrete og spontane miljøaksjonar, initiativ og organisasjonsformer. Det har her oppstått nye dynamikkar som utfordrar dei meir institusjonaliserte delane av rørsla. Bærekraftige Liv i Bergen er eit slikt nytt initiativ som kan sjåast på som eit alternativ til den etablerte miljørørsla.

### *Miljøengasjement som lokalt engasjement og fellesskap; eit internasjonalt døme*

Miljøengasjement har ofte eit lokalt fokus, der dei på bakgrunn av den auka globaliseringa vil prøve å gjenvinne kontrollen over lokale rom (Castells 1997). Miljøengasjement kan på denne måten stå som eit døme på glocalisering, der både det lokale og det globale er i fokus. Eit døme på ei ny global miljørørsla med eit lokalt fokus er Transition-Towns rørsla, som Bærekraftige Liv i Bergen etter kvart ha kopla seg opp mot. Dette er ei global rørsle som har som mål å skape lokale bærekraftige samfunn som er klare til å møte det post-oljebaserte samfunnet. Rørsla vart starta i byen Totnes i Storbritannia i 2005 og spreidde seg raskt over heile verda. Rørsla er eit forsøk på å demokratisere vanlege medborgarar si deltaking i miljø- og klimaspørsmål. Dei ynskjer å vere ei genuin endringsorientert masserørsla som skal bidra til ei endring av vårt forhold til planeten og forholdet mellom sjølv og samfunnet. I følgje denne rørsla er vi som samfunn nøydde til å gå tilbake til eit meir naturleg samfunnsmonter basert på småbyliv, storfamiliar og lokal produksjon og konsum. Eit ideal er eit liv og eit samfunn før global produksjon og distribusjon av mat, då økonomiane var meir lokalt organisert og landskapet var dominert av lokal matproduksjon for lokale marknader. Dei legg vekt på det økologiske, og på sosial og kulturell endring heller enn på reint instrumentelt miljøvern. Transition rørsla vil kanalisere sivil handling vekk frå eit einseitig fokus på konfliktorientert protest-politikk til å bli ein potensiell grasrotorganisasjon som arbeider på både det globale og lokale nivå for å få til signifikante sosiale og kulturelle endringar. Til liks med andre nye sosiale rørsler er Transition opptatt av spørsmål om livskvalitet, deltaking og livsstil. I 2015 hadde rørsla 477 offisielle lokale Transitions Towns over heile verda. I tillegg eksisterer det mange uoffisielle grupper under same paraply. Rørsla er ein kompleks nettverksorganisasjon som fyrst og fremst er driven av engasjementet til lokale medlemmer. Kjernedeltakarane i rørsla kjem gjerne frå den utdanna middelklassen (Crook, Pakulski & Crook 1992). Til forskjell frå andre globale miljøorganisasjonar har denne organisasjonen ein flat og

desentralisert organisasjonsstruktur og er i mindre grad opptatt av å skape merksemd gjennom protestaksjonar og media. Organisasjonen består i stor grad av grasrot-organisasjonar utan formelle medlemskapssystem, samt nokre nøkkelpersonar som står for den ideologiske og intellektuelle utviklinga i rørsla.

Eit kjernetema i Transition-rørsla er fokuset på det lokale (Kenis & Matjis 2014; Stevenson 2011). Lokalfokuset, eller «lokalismen», er utvikla som ein reaksjon på og ein visjon for løysing på utfordringane som er skapt av informasjonssamfunnet, globaliseringa og ny-liberalismen. Tanken er at for å løyse dei store verdsproblema så må vi starte lokalt. Dei nasjonale økonomiane er i dag for sterkt integrerte i globale økonomiar, noko som har øydelagt lokale økonomiar og overført makt frå medborgarar lokalt til globale elitar og selskap. Kuren mot ny-liberalismen ligg, i følge lokalismen, i det lokale (Hines 2000). Auka lokalisme skal kunne reversere den ny-liberalistiske utviklinga og poteniselt demokratisere kontrollen over lokale rom og stader der menneske bur, samtidig som miljøet blir bevart gjennom meir lokal produksjon av mat og andre varer. Andre har også peika på at i kampen for eit miljøbasert medborgarskap har tilknytninga til lokale fellesskap og lokale identitetar spelt ei særskild viktig rolle (Warburton 1998; Young 1997), der ein rettar fokus mot at eit berekraftig samfunn krev auka demokratisk deltaking på det lokale nivået.

Som Kenis og Matjis (2014) peikar på, femnar lokaliseringsargumenta i Transition-rørsla om både miljøfordelar og samfunnsfordelar. Miljøfordelar er mellom anna kutt i energiforbruk og forureining (North 2010; Seyfang 2006, 2007), organisk landbruk (Born & Purcell 2006) og betre matkvalitet (DeLind, 2006). Lokalorienteringa er også hevda å føre til meir ansikt-til-ansikt kontakt lokalt som vil føre til meir tillit mellom produsentar og forbrukarar og meir tillit mellom medborgarar generelt (Sage 2003). Auka sosial interaksjon skal også kunne styrke lokale økonomiar og lokalsamfunn (Seyfang 2006, 2007), auke lokal myndigheit, mattryggleik, samfunnstryggleik, sosial rettferd og demokrati (Feenstra 1997). I eit sosialt perspektiv er også det lokale den rette staden å skape sterke sosiale band, som igjen blir sett på som viktige for integrasjon av individ i fellesskap men også å løyse mange andre samfunnsproblem. Transition rørsla fokuserer her på konsensus og konfliktfrie fellesskap lokalt, og lokalisme blir på mange måtar idealisert som noko utelukkande positivt, og som ein radikal og samfunnsendrande prosess som arbeider mot dei hegemoniske, destruktive og undertrykkande effektane av globaliseringa (Allen, FitzSimmons, Goodman, & Warner 2003; Born & Purcell 2006; Cavanagh & Mander 2004; DuPuis & Goodman 2005; Feagan 2007; Sage 2003).

Ikkje overraskande er det også fleire kritiske røyser til denne einsidige positive framstillinga av det lokale og effektane av det. Kritiske perspektiv advarer mot å hamne i den såkalla «lokal-fella» (Born & Purcell 2006), der



effektane på transport- og distribusjonskostnadar ikkje nødvendigvis er utelukkande positive (Mariola 2008; Sonnino 2010; Van Hauwermeiren, Coene, Engelen & Matjis 2007). At lokalprodusert mat er meir organisk treng ikkje alltid stemme heller (Hinrichs 2003; Born & Purcell 2006). I forhold til samfunnsøkonomiske effektar hevdar fleire at ei lokalisering av økonomien like godt kan føre til lokale tap som gevinstar (Born & Purcell 2006), og det er heller ikkje sikkert at lokalsamfunnet og fellesskapet vil tene på ei lokalisering sjølv om den lokale økonomien skulle tene på det. Skeivfordeling av økonomiske gevinstar kan like godt skje lokalt som på andre nivå, og moglege forsterke eksisterande sosiale skilje lokalt (Hinrichs & Allen 2008). Heller ikkje meir ansikt-til-ansikt kontakt og potensielt meir tillit i lokale system vil nødvendigvis føre til meir sosial rettferd, oversikt, demokrati, eller samfunns- og mat-tryggleik (Allen 2008; Hinrichs 2003; Hinrichs & Allen 2008). Om den sosiale rettferda skulle bli betre lokalt av lokalisering, så betyr heller ikkje dette automatisk at det også vil skje på høgre samfunnsnivå (DeFillips 2004). Lokaliseringstankegangen blir også sett på som ei lokal tilbaketrekking heller enn å ta eit globalt ansvar (Bauman 2004). Fleire forskarar har også knytt lokaliseringdiskursar opp mot proteksjonisme, partikularisme, elitisme, konservatisme og også framandfrykt (Allen 2004; Allen et al. 2003; Campbell 2004; Feagan 2007; Hinrichs 2003) – at ein defensiv eller ein ikkje-refleksiv lokalisme kan føre til ei skuggelegging av breiare sosiale interesser og interne skilje, og ein «vi-mot-resten» tankegang (Allen 2004; DuPuis & Goodman 2005; Hinrichs 2003; Winter 2003). Dei eventuelle utfalla av ein lokaliseringssprosess kjem ikkje med nødvendighet frå initiativa sjølve, men vil vere avhengig av kontekst; kva type aktørar og agendaer som blir framheva i dei spesifikke lokaliseringssjokta. Vidare skal vi no gå over til å sjå på eit spesifikt lokalsamfunnsprosjekt med både ein sosial og ein miljømessig dimensjon; Bærekraftige Liv i Bergen.

## Oppstart og utvikling av Bærekraftige Liv i Bergen

Bærekraftige Liv (BL) i Bergen er eit lokalinitiativ som vart starta av tre naboar på Landås i Bergen i 2008. Bakgrunnen for oppstarten var fleire uformelle samtalar som dei tre naboane hadde hatt omkring klimautfordringar og kva ein har moglegheit til å få til lokalt. Dei ynskte å gjere noko i det handlingsrommet som ligg imellom individuell bretteing av mjølkekartongar og det større nasjonale og globale politiske system, som kan bli oppfatta å vere prega av politiske stillstand. Tiltaket handla om å gjere miljøengasjement tilgjengeleg for heilt vanlege menneske. I kontrast til tradisjonelle miljø- og klimaorganisasjonar, som berre samlar dei som er likesinna, ville dei foreine ulike typar menneske i lokalmiljøet til samhandling for eit redusert økologisk fotavtrykk og eit auka fellesskap. Bærekraftige Liv skulle såleis vere eit lokalt initiativ, eit nettverk og eit lokalmiljø for å inspirere til lågare forbruk, naturvennlige handlingar, solidaritet i klimautfordringa og gode

fellesskapsløysingar. Det store målet er å redde verda ved å starte lokalt og skape berekraftige lokalsamfunn. For initiativtakarane handla dette om å starte i nabolaget på Landås:

Det som er spesielt for oss er at vi holder det så veldig ned på sånn skolekretsniå, at vi ikke lager Bærekraftig Liv Bergen. Vi har en klar ide om at i Norge forholder vi oss til skolekretsen som vårt lokalmiljø, det er der vi har loppemarked og dugnad og går på 17.mai, veldig mange spiller fotball og i korps og det er utrolig mye som er organisert rundt skolekretser. Og da har vi vel tenkt at en bi-effekt, en sosial «boost», som du får i nettverket, at folk sakte men sikkert føler at dette er en invitasjon som gjelder meg – at den effekten oppnår du fortere når det er i ditt område. Og siden vår målgruppe er alle, og ikke de som allerede er interessert, så er det veldig viktig å være, vi kan ikke, vi har så mange ting vi må utfordre i kampen mot et mer bærekraftig samfunn at vi kan ikke gidde å ta kampen om hvor vi føler oss trygge og hører hjemme. Da får vi bare spille på lag med det. Så da er vi der vi er. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Denne geografiske avgrensinga kring skulekrets og lokalmiljø er viktig fordi dette er ei naturleg grense med tanke på felles møtestader og evne til å mobilisere, i følge initiativtakarane. Det fyrste året stod dei tre initiativtakarane for all aktivitet i initiativet. Det fyrste arrangementet dei skipa til var visning av ein film omkring berekraftig utvikling. Oppmøtet på filmvisninga var avgrensa. Men, på det andre arrangementet, eit matlagingskurs hausten 2008, deltok 90 personar, store og små, og nye kontaktar vart etablert. Invitasjonane til arrangementet vart distribuert gjennom nettverk og på plakatar i nærområdet. Før jul i 2009, ynskte eit ektepar på Landås å skipe til ein juleverkstad som del av Bærekraftige Liv. Dette vart til fleire juleverkstadkveldar for naboar på Landås der dette ekteparet stod for det meste praktiske, og dei tre initiativtakarane hadde ei støttande og administrativ rolle. Frå 2009 av tok nettverket av engasjerte personar i BL til å vokse, fleire kom til og tok initiativ. Nye temagrupper vart initiert av både initiativtakarane men også av ulike personar i nabolaget på bakgrunn av personlege interesser. Dei einaste to krava stilt frå BL til nye aktivitetar var at aktivitetane skulle vere med på å redusere det økologiske fotavtrykket og å skape auka livsglede.

I 2010 vart den fyrste Landåsfesten arrangert av BLL. Dette er no eit årleg arrangement som samlar nabolaget til ein festdag med musikk, mat og aktivitetar med fokus på det lokale, det kortreiste og det klimavennlege. Arrangementet samlar kring 1000 besøkande, store og små, hovudsakleg frå nabolaget på Landås og området rundt. Dei ulike aktivitetane som går føre seg på Landås kan i hovudsak skiljast ut i fire kategoriar. Ein fyrste kategori handlar om aktivitetar som temakveldar der ein samlar folk kring eit tema,

gjerning med eit foredrag eller ein film og ein diskusjon. Ein annan kategori er dei meir praktiske aktivitetane, for eksempel vedhogst i nabolaget, sykkelreparasjon eller kurs i partering av lam. Ein tredje kategori handlar meir om utvikling og planlegging av større prosjekt som for eksempel å gjere husa i nabolaget meir energieffektive eller å tenke ut nye transportløyser. Ein fjerde kategori handlar om fest, moro og feiring, som for eksempel Landåsfest eller langbordskveldar med kortreist mat. I initiativet kan vi telje omkring 20 slike temagrupper som har kvar sine leiarar. Gruppene er i stor grad sjølvgåande og har ulik grad av aktivitet, men til saman så tel dei om lag 70 aktive deltakarar. Utanom tema- og aktivitetsgruppene har BLL ei e-post liste med om lag 700 mottakarar. Desse mottakarane dekkjer skulekretsen på Landås, som også er det definerte nedslagsfeltet for BLL.

*Figur 2: Aktivitets/temagrupper i BL Landås 2015*

Bolig og energi	Mat og matte	Matkurs
Transport	Sykkelverksted	Byttefest
Dyrking/hage	Vedhogst	Stoff og stol (redesign)
Geriljadyrking	Kunst-stunt	Landås 2030 -strategigruppen Plakatgruppen.
Parselhagen	Barnas byrom	Planer om filmklubb
Matskogen	LandåsFest	

Sjølv om BLL er ein del av ein global trend og har knytt seg opp mot Transition rørsle med auka fokus på det lokale og berekraftige, så oppstod ideen om initiativet på Landås ikkje på bakgrunn av kunnskap om Transition. Det var omlag eit år etter oppstarten, i 2009, at ein av initiativtakarane oppdaga at BLL ikkje sto åleine om å vere eit slikt lokalt initiativ for eit meir berekraftig samfunn. Gjennom litteratursøk på internett dukka det opp bøker omkring den internasjonale Transition rørsle. Etter kvart oppretta dei kontakt med Transition. Dei ynskte å knyte seg opp mot denne globale rørsle, men samtidig hadde dei også sine tankar om kva ei slik sosiale rørsle skulle vere på norsk for at nordmenn skulle kunne kjenne seg heime i den.

Vi valgte først bare å være Bærekraftige liv for vi var litt redd for, vi har hele veien vært litt bekymret for at vi skal bli for, vi har noen sånne uttrykk da, redd for at vi skal bli en sånn «tofu-bevegelse», lukte røkelse og sånn, så vi har vært utrolig fokusert på at vi skal være en bred plattform som mange skal kunne kjenne seg igjen i og finne sin plass i. Vi må vekk i fra det at miljøbevegelsen er for de spesielt interesserte og engasjerte, da kommer vi aldri i mål og dette haster for mye. En god stund så hadde vi nok litt sånn skepsis mot, eller vi var litt sånn avventende i forhold til om Transition hadde for høy «tofu-faktor», men det vi ser nå tror vi, og nå har vi jo gått inn i det selv som et offisielt initiativ, er at Transition selvfølgelig tiltrekker seg de som har vært opptatt av miljø siden 50-tallet og tiltrekker seg alle de som drømmer om å bo i et sånn

«earthship-hus» eller økolandsby, og så i tillegg har den mange av de «helt vanlige», de som ikke tradisjonelt assosieres med miljøbevegelsen. Så Transition bevegelsen ser ut til å romme hele spekteret, og da kan vi finne vår plass inn i det fellesskapet. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Som nemnt i sitatet vart BLL etter kvart registrert som eit offisielt initiativ i Transition nettverket og initiativtakarane har mellom anna delteke på kurs, konferansar og møter i regi av Transition nettverket i Storbritannia.

### *Organiseringsform*

I halvanna år frå oppstarten i 2008 vart alt engasjement og arbeid med initiativet gjort på frivillig basis. Dei tre initiativtakarane fordelte ulike typar oppgåver i mellom seg, men var jambyrdige med tanke på ansvar og leiing og skilde ikkje mellom posisjonar i initiativet. Sjølv om initiativtakarane hadde såkalla «organisasjonsangst» og ville halde initiativet uformelt så lenge som mogeleg, utan formelle og tradisjonelle organisasjonsstrukturar, så endra initiativtakarane si rolle seg etterkvart. Frå å ha stått bak det meste av den praktiske aktiviteten og initiativa i starten, fekk dei tre initiativtakarane etter kvart ei meir administrativ rolle. Ein fjerde person vart også knytt til dette meir langsiktige og administrative arbeidet, spesielt med tanke på utvikling av web-løysingar. Etter kvart vart det også knytt delvis løna prosjektstillingar til BL basert på tildelte prosjektmiddel og offentleg støtte frå mellom andre Klimaseksjonen i Bergen Kommune, Fylkeskommunen, Miljøverndepartementet og Visjon Vest. Initiativet hadde no etablert kontakt med fleire offentlege etatar og private aktørar som såg den potensielle samfunns- og miljøverdien som låg i Bærekraftige Liv. Ettersom to av initiativtakarane hadde stillingar ved Bispedømmekontoret i Bergen, vart prosjektstillingane knytt til Bispedømmekontoret. Dette kontoret tok seg også av den økonomiske sida ved Bærekraftige Liv ettersom nettverket og talet på aktivitetar og arrangement hadde vakse, og ulike prosjekt- og støttemiddel kom inn frå ulike kjelder (fylke og kommune). Frå 2012 av fekk BL også ein kontor plass på Bergen Impact Hub, eit kontor fellesskap for sosiale entreprenørar på Bryggen i Bergen, noko vi skal kome meir inn på om litt.

Sjølv om nokre i kjernegruppa av initiativtakarar etter kvart gjorde arbeidet med BL som del av sitt levebrød, med stillingar og delvis inntekt (som sosialt entreprenørskap), så er målet at aktiviteten i nettverket og i gruppene skal vere uformelt og basert på eigeninteresse. Initiativtakarane har ikkje lenger kontroll med det som skjer i aktivitetsgruppene, og nettverket er i så måte desentralisert med sjølvgåande grupper. På denne måten er det veldig mange som «eig» Bærekraftige Liv på Landås og som held det gåande utan at noko er avhengig av ei særskild eldsjel eller initiativtakar. Gruppestrukturen er også fleksibel, der nye grupper kjem til viss det er interesse for det, og andre grupper går ut viss det er lite aktivitet eller temaet blir mindre aktuelt.

Initiativtakarane har heile tida hatt det klart for seg at dei vil legge opp til eit fleksibelt frivillig engasjement.

Det er en flat struktur, og vi har ventet, vi har hele veien tenkt at det som dreper et hvert gøy initiativ er at det blir dritkjedelig å ha den rollen som administrator, den som er nødt til å kalle inn til de styremøtene og så er det nesten ingen som kommer. Altså, folk syns aktiviteten er gøy men det er utrolig kjedelig å være en sånn tradisjonell organisasjon. Så vi har bare ikke forholdt oss til et sånt organisasjonskart i det hele tatt. Vi har bare sagt at viss du har lyst å lage et juleverksted, vær så god. Du får ingen andre oppgaver, du får ingen andre verv, ingen andre forpliktelser, bare lag juleverkstedet og viss du har lyst å lage noe, viss du er interessert i og engasjert i bolig og energi, ja supert, bli med i bolig og energi gruppen, det er bare det du gjør. Gjør det du syns er gøy. Og så til sammen så popper det jo opp utrolig mye. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Og vidare:

Jeg tror det i hvert fall er viktig, viss jeg kjenner på mine egne. Alle snakker om tidsklemme og hvor lite tid de har og hvor mye aktiviteter og hvor fullt alt er, og det som jeg er helt hellig overbevist om er at vi får jo ingen til å gidde å gå inn i enda et verv som føles litt kjipt. Det er jo litt «takk skal du ha liksom». Men viss jeg får lov å gjøre noe der jeg henter energi tilbake, noe jeg syns er gøy, så selvfølgelig, det er jo derfor du får jo bare pluss tilbake, pluss at du blir invitert på gøy fester med naboene, det er jo supert det. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Sjølv om formaliseringa av organisasjonen og av tilknytninga mellom BL og dei aktive blir prøvd halden tilbake, så har det likevel skjedd ei formalisering og ei institusjonalisering av Bærekraftige Liv, med etablering av ei kjernegruppe, eit eige styre og ei samlingsgruppe for initiativtakarane i dei ulike bydelsinitiativa, noko vi skal kome inn på om litt. Eit poeng vi kan framheve her er likevel at den formaliserte delen av BL, det organisasjonsmessige, blir prøvd haldt vekke frå engasjementet og initiativa frå dei aktive.

### *Kommunikasjonsteknologi*

I oppstarten av Bærekraftige Liv på Landås så spelte ikkje internett og sosiale medier så stor rolle. Sidan prosjektet handla om lokalsamfunn og eit geografisk avgrensa område så var ansikt til ansikt kontakt viktigast. Når det gjaldt rekruttering av nye menneske inn i nabolagsnettverket vart for eksempel ikkje sosiale medier opplevd som viktig. Lappar og plakatar på den

lokale matbutikken si oppslagstavle og på lyktestolpar i nærmiljøet var det sentrale kommunikasjonsmiddelet i oppstarten og har vore ein viktig kommunikasjonskanal sidan. Her kunne dei spreie informasjon om aktivitetar og nå nye menneske i nærmiljøet. Jungeltelegrafan gjennom sosiale nettverk var også ein essensiell del av mobiliseringa og rekrutteringa til aktivitetar på Landås. Her var for eksempel møtestader som fotballkampar og liknande viktig. Dei kunne her få dei tilgang til nye «ambassadørar» som promoterte initiativet vidare og som kanskje også engasjerte seg. Mellom initiativtakarane gjekk mykje av kommunikasjonen gjennom e-post og sms, men i tillegg, og på trass av kontorplassar Hub'en og på Bispedømmekontoret, samlast dei likevel oftast heime hos ein av dei tre, om lag ein gong i veka dei fyrste åra.

Etter kvart oppretta Bærekraftige Liv på Landås ei Facebook-side og så ei heimeside. Heimesida fungerer som ein base for dokumentasjon og er eit referansebibliotek for prosjektdesign og innhald mens Facebook tar dialogdelen av kommunikasjonsarbeidet og den umiddelbare kommunikasjonen. Det skjer meir på Facebook enn på heimesida, og etter oppstarten har Facebook-sida vorte ein viktig kanal for deling og spreining av idear og inspirasjon og «drypping» av informasjon, og fungerer litt som ein sentral infrastruktur for kommunikasjonen i nettverket på Landås. I dag klarer ikkje prosjektet seg utan å massekommunisere – både for å halde på eksisterande deltakarar og interesserte og for å informere nettverket. Kommunikasjonsteknologien har gjort at vegen ut er kortare.

Facebook fungerer som ei digital oppslagstavle og eit digitalt magasin for BL Landås, og utan facebook ville nok prosjektet mista litt av refleksjonsprosessen. Her kan dei diskutere med kvarandre, dele informasjon, få innspel og slenge ut idear om aktivitetar. Samtidig som Facebook-sida er for nettverket på Landås, har den også mange følgjarar frå landet elles og også internasjonalt. Nettverket på Landås har i og for seg ikkje noko tenkt målgruppe utanfor nettverket og har derfor ingen strategi for kommunikasjon ut mot media eller politikarar. Likevel får nettverket mykje merksemd utanfrå og ofte gjennom informasjonen som ligg på nett.

Vi har ikke noen målgruppe utenfor nettverket eller utenfor Landås, så det sprer seg helt selv. For det som skjer er jo at sånne som du (intervjuar) og journalister og andre nabolag får snusen i hva vi driver med og så er det dere som sprer det. Sånn at, men vi er jo rundt, vi holder jo mye foredrag, for vi får jo invitasjoner til å komme, men vi har ingen klar strategi for hvordan vi skal nå noen andre. Vi skal bare se kor langt vi kan komme hos oss og så forteller den historien seg selv. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Frå tidleg av har Landåsnettverket hatt ein plan om skape ein eigen nettstad og ein felles bloggportal for alle temagruppene slik at dei har ein felles

plattform for å syne all aktiviteten som skjer i nettverket. Ynskjnet har vore at dette skal kunne henge saman med Facebook. Personen som etter kvart vart knytt til kjernegruppa og som seinare har kome med i styret, har vore initiativtakar bak ein slik ny nettstad. Denne personen, og nettverket elles er også involvert i utvikling og bruk av andre nettbaserte tenester, for eksempel for samkøyring med bil, og deling, sal eller bytte av saker og ting i nabolaget. Nettverket på Landås har også etter kvart tatt i bruk Twitter for å i større grad nå ut til omverda med BL relevant informasjon. Som vi skal kome inn på under har nettverket også spreidd seg til andre bydelar i Bergen, og dei fleste av desse nabolagsnettverka har også eigne Facebooksider med liknande funksjonar. Ei oppretting av ei slik side er gjerne noko av det fyrste som skjer i nystarta initiativ. Nokre av nabolaga har også eigne heimesider. I tillegg blir e-postlister gjerne nytta for å kommunisere med aktivitetsgrupper og med nabolaget som heilskap. Det er også oppretta ulike interne grupper på Facebook for kommunikasjon internt i kjernegruppene og også ei gruppe for alle kjernegruppene i Bergen.

Jeg tror jo det er de digitale og sosiale mediene som gjør at sånne bevegelser som Transition og Bærekraftige liv er mulige å få til å gå. Og hvorfor det ruller over hele jorden; Transition-initiativ, Hub'er, window-farming – alle sånne trender. Hvorfor det sprer seg så fort er jo selvfølgelig de sosiale mediene. Og det som er så spennende å se da er jo hvor bærekraftige og varige disse initiativene er, altså hele modellen, det er jo spennende å se. (Initiativtakar 1, BLL, 2012)

Sosiale medier har etterkvart vorte ein sentral kommunikasjonskanal i Bærekraftige Liv, men kjem gjerne som eit viktig supplement heller enn som ei erstatning for andre måtar å kommunisere på. Det er også fleire eldre som er med i nabolagsnettverka, men som ikkje er aktive på sosiale medier. Dette er ei utfordring dei er klar over, og dei ser derfor at det er viktig med fleire kanalar for kommunikasjon og informasjonsspreiing.


### *Nettverket vekst*

Frå starten av har merksemda kring Bærekraftige Liv spreidd seg gradvis gjennom media og sosiale nettverk, både lokalt i Bergen og på nasjonalt nivå. På landsbasis har det dei siste åra dukka opp fleire nye BL-initiativ, for eksempel i Trondheim, på Voss, på Sagene i Oslo, i Bø i Telemark og i Hyllestad i Sogn. Det mest etablerte initiativet utanfor Bergen er Omstilling Sagene som har gått meir direkte etter malen frå den internasjonale Transition rørsla. Dei er såleis ikkje del av Bærekraftige Liv, men er del av Transition. Per 2015 kan ein telje om lag 18 etablerte Bærekraftige Liv-initiativ i Noreg, samt at det er omkring 30 enkeltpersonar eller grupper som har meldt si

interesserte om å starte opp egne initiativ i sine nabolag. Initiativtakarane frå Landås reiser gjerne rundt til slike nystarta initiativ for å halde inspirasjonsforedrag for desse.

Mellom 2012 og 2015 vart det starta opp 9 nye BL-initiativ i Bergen, der andre nabolag prøver å få til noko av det same som på Landås. Dei nye initiativa er BL Sandviken, BL Åsane, BL Flaktveit, BL Nattland og Sædalen, BL Løvestakken, BL Nordnes, BL Kronstad, BL Apeltun og Skjold, BL Hellemyren og BL Sydneshalvøen (Sjå Figur 3). Desse initiativa er ulike både i storleik og i kor langt dei er komne i utviklingsprosessen. Nokre kom rask i gong og har fått til mykje på kort tid, mens andre er heilt ferske og har i mindre grad kome i gong med aktivitetar. Mengda aktivitetsgrupper i initiativa varierer frå 3 grupper til 12 grupper og mengda aktive frå 0 til om lag 30 aktive. Figur 3 viser eit kart over dei ulike Bærekraftige Liv-gruppene i Bergen (per. mars 2015).




*Figur 3: Bærekraftige Liv grupper i Bergen (2015)*

Bærekraftige Liv på Landås og initiativtakarane der har lagt ein god del av grunnlaget for korleis nye BL initiativ kan sjå ut, men det skal også vere opp til dei nye nabolaga å sjølv utforme initiativa slik at dei er tilpassa det lokale området og dei ynskja og behova som ligg der. Dei nye gruppene startar på denne måten ikkje på bar bakke, og Bærekraftige Liv på Landås fungerer no som ein modell for nye initiativ som vil arbeide for å redusere det økologiske fotavtrykket og auke livsgleda i sine nabolag. Initiativtakarane ynskjer også å opprette ein slags grøn frivilligsentral som nettopp samlar kompetanse omkring oppstarten av BL initiativ og at ein representant mellom anna kan reise rundt og halde inspirasjonsforedrag for nye initiativ. Visjonen her er ikkje at nye initiativ på nokon måte skal vere underlagt ein Bærekraftige Liv organisasjon eller eit sett med reglar, men at ein slik frivilligsentral skal kunne fungere som eit kompetansemiljø kring berekraftig lokalsamfunnsutvikling som kan stå til teneste for nye lokalsamfunn som ynskjer å skape sine lokale versjonar av Bærekraftige Liv. Per no så prøver initiativtakarane å stille opp på oppstartsmøter for nye initiativ for å halde inspirasjonsforedrag. Den vidare utviklinga av desse initiativa legg dei seg mindre opp i, med unntak av invitasjon til nokre felles møter i året blant alle kjernegruppene i dei ulike nabolaga. Så lenge initiativa forstår dei to grunnpilarane som er å auke livskvaliteten og senke det økologiske fotavtrykket så kan dei høyre inn under Bærekraftige Liv.

Utviklinga av Bærekraftige Liv kan vi illustrere ved ei tidslinje, der sentrale hendingar og utvidingar mellom 2008 og 2015 er sett inn. Tidslina er illustrert i Figur 4 under.

Figur 4: Tidslina for utviklinga til Bærekraftige Liv



### Omorganisering og formalisering

I 2013 starta planlegginga av ei omorganisering av BL Landås, som følgje av eit ynskje om å kunne stå på egne bein økonomisk, eit behov for stabile inntekter og for å skilje mellom dei elementa som inneber ein viss økonomi og dei aktivitetane som krinsar om frivillig engasjement og arbeid lokalt. Frå å ha hatt prosjektstillingar og all økonomi i BLL handtert av

Bispedømmekontoret, såg dei med bakgrunn i veksten i nettverket etter kvart behov for å flytta derifrå. Ved å etablere eit eige samvirkelag i 2014 vart den økonomiske biten skilt ut frå den frivillige delen.

Organiseringsform har vi diskutert lenge, enten en lokal forening eller et samvirkeforetak, det er det vi snakker om nå. Det kommer litt an på hvordan vi sorterer de forskjellige greiene. Målet må jo være at alle initiativene skal klare seg selv økonomisk, ikke nødvendigvis være avhengig av masse offentlig støtte hele tiden, og da må vi jo først få til det på Landås for å vise at det funker. Og da må vi ha en type foretaksmodell, som kan ha inntekter inn i, medlemskap av noe slag. (Initiativtakar 2, BLL, 2012)

Samtidig vart BL Landås registrert formelt som ein frivillig organisasjon med eit eige styre på 4 medlemmer og ein styreleiar. «Funksjonen til styret nå er at de er med og er et korrektiv, at de er med og tenker fremover» (Initiativtakar 3, BLL, 2014). Dei oppretta også ein mogelegheit for å bli medlem og støttemedlem i BL Landås, men dette er frivillig og absolutt ingen krav for å kunne delta i aktivitetane. Samtidig har dei også starta å skipe til årsmøter, der betalende medlemmer kan kome med innspel til saker som skal takast opp, og som dei kan stemme over.

I 2013 tok initiativtakarane bak Bærekraftige Liv på Landås initiativ til Matkollektivet, som er eit initiativ for å få folk til å ete og forbruke meir lokal produsert mat og råvarer. Matkollektivet skulle fungere som eit direkte bindeledd og formidlar av varer mellom produsent og kunde, der ein har god kjennskap til kvar og korleis maten er produsert. «Hvis 100 husstander i et nabolag ønsker å handle direkte fra vestlandske produsenter... Kan vi ikke bare gjøre det da?» (sitat frå nettsida til Matkollektivet). I matkollektivet er det samla saman mange ulike matprodusentar, hovudsakleg frå vestlandet, som leverer råvarer direkte til forbrukar. Ein utdanna gastronom er tilsett hovudsakleg for å få fatt i og følgje opp produsentar. I 2014 fekk Matkollektivet sett opp ei eiga nettside der medlemene sjølv bestiller og betaler lokalt produserte matvarer og dei hentar varene på sjukeheimen på Landås, som har stilt eit stort kjølerom til disposisjon. Kvar torsdag til måndag kan kundar bestille og betale det dei ynskjer frå nettsida, og kvar torsdag kan dei hente dei varene er bestilt på Landås. Ein ynskje er vidare å utvide tal på hentepunkt rundt i kring i Bergen. Denne økonomiske verksemda var mykje av grunnen til at ein såg behov for å skilje den meir økonomiske aktiviteten frå den frivillige delen av Bærekraftige Liv.

Eit anna prosjekt som Bærekraftige Liv arbeider med er å utvikle eit nasjonalt kompetansesenter for lokalt klimaengasjement og lokal matproduksjon, og ein arena fylt med aktivitetar for lokalsamfunnet, byen og regionen. Her vil dei mellom anna skipe til aktivitetar og kurs for barn og unge, en pop-up restaurant, kulturscene for unge og parselldyrking. Dei ulike

aktivitetane skal utfylle kvarandre og legge grunnlag for sunn økonomisk drift som skaper samfunnsverdiar. Landåskonferansen er også eit prosjekt under Bærekraftige Liv, der dei har arrangert to konferansar (i 2012 og 2013) for å kunne gje innspel til ein ny kommuneplan i Bergen. Her vart naboar, offentlege og private aktørar og institusjonar og lokale eldsjeler invitert til idémyldring omkring utvikling av Landås som ein stad for det gode og Bærekraftige Liv.

Frå å ha starta Bærekraftige Liv 2008, med fokus mest på det lokale nivået på Landås, har arbeidet til initiativtakarane, i tråd med merksemda og veksten i nettverket dreia seg meir mot nye mål på både regionalt og nasjonalt nivå. I forlenging av alt dette vart det i 2014 invitert til og etablert ei ny kjernegruppe av engasjerte personar på Landås som tar hand om den lokale frivillige aktiviteten i nabolaget, mens to av dei opphavlege initiativtakarane no arbeider på eit meir overordna nivå.

Vi ser for oss nå at fra å være de som har snurra i gang alle arrangement, hengt opp plakater, og ordna og fiksa alt, kokt kaffi og hele pakka. Så ser vi for oss at (initiativtakar 1) blir litt sånn, jobber mer med Matkollektivet og jobber mer med Bærekraftige Liv i forhold til de andre nye initiativene, litt mer sånn på Norge-nivå, mens jeg kan tenke meg å gå mer inn i Lystgården og skape det huset. (Initiativtakar 3, BLL, 2014)

Lokalforeningene, de holder bare på med sitt de, de skal bare blomstre i lokalsamfunnene, og med mindre noen helt sånn tilfeldig personer her og der melder seg på og sier at min energi ligger egentlig her, på regionalt eller nasjonalt nivå, så bryr vi ikke de med det, da får de bare holde på. For det er jo dette nettverket her lokalt som «feeder» disse mulighetene. Men det er her at jeg syns det begynner å bli gøy, i det nivået over. For en ting er å bygge det lokale, men det blir jo tydeligere etter hvert som ting utvikler seg, men viss målet vårt var å lage et gøy lokalsamfunn på Landås, så er jo vi i mål for lengst sant, for vi er jo dessverre stadig vekk beskyldt for å være veldig prisdrivende på boliger på Landås fordi at så mange har lyst å flytte dit [...]. Men det er jo selvsagt en helt utilsiktet bi-effekt som vi ikke kan ta som noe annet enn et kompliment. Vi har jo hele tiden ønsket at det skulle spre seg, og det skjer nå, og da ser vi at etter en stund så begynner de nye dørene for handling å åpne seg, men på et annet nivå. Og det går det ikke an å gjøre frivillig, det er alt for stort, og samtidig er det en utrolig viktig potensiell samfunnsdrivende kraft som til nå har vært helt utnyttet. (Initiativtakar 1, BLL, 2014)

Type organisasjonsform, verksemd og aktivitet har mykje å seie for kva for type rammevilkår, styringsstruktur og juridisk rammeverk ein har, og for moglegeheit til økonomisk støtte. Ei utfordring for ein hybrid og mangefasettert organisasjon som Bærekraftige Liv er, er å finne rett organisasjonsform, eller organisasjonsformer. Med kombinasjonen av lokalt

foreningsliv, økonomisk verksemd, samfunnsopplysning, fleire einingar, ulike organisasjonsnivå og ulik grad av formalisering utvikla det seg eit behov for å klargjere kva organisasjonsformer som ville vere dei rette.

[...] nå har vi jo laget foreningen, men det er jo mange strukturer vi må rydde opp i her nå, vi har jo ikke vært opptatt av det her i det hele tatt, så nå vi har hele tiden tunga rett i munnen når vi snakker om Landås eller om Norge. Så det vi ser for oss er at den foreningen vi har starta, den blir antagelig Landås foreningen, så må vi lage noe som er hakket over som blir liksom sånn Bærekraftige Liv Norge, kraftsenteret på en måte. Men det vi nå har tatt første steget på er ha laget Samvirket fordi vi ser at matkollektivet kommer opp som en rakett, og der ble det moms og hele sulamitten ikke sant, så der måtte vi gjøre noe raskt, så da tenkte vi at ok, vi oppretter samvirket, og innen samvirket kan det være mange ting, så alle kanskje de tinga som kommer som handler om penger da, kanskje de kan settes inn der. Og vi har jo fått forespørsel om vi vil drive med el-sykler og det er flere ting som kommer opp ikke sant, så det blir litt sånn småprosjekter som handler om penger kan vi da putte inn der. Men når det gjelder hvordan få Bærekraftige Liv Norge inn i det, det har vi ikke helt landa helt på, om det skal være inne i den samvirke biten eller om det blir en annen greie, men det vi ser er at vi må, vi trenger nå et overstrukturelt nivå, et nivå over Landås som er med og er en hub for alle sammen, og det er det vi ser for oss skal være på Lystgården. Og der kan jo (initiativtakar 1) tenke seg å jobbe, og det er det også vi har spurt klima- og miljøministeren om, når hun var på besøk. Vi spurte om midler til en slik pilotfase der vi prøver ut det, pluss å være en grønn frivillighetssentral, for å teste. Så det skal vi følge opp. Men vi tenker at det er, det nasjonale nivå der må staten komme inn og være med å gi penger, og der ser vi faktisk for oss at der kan vi være tre stillinger og full pakke med å gjøre ting. (Initiativtakar 3, BLL, 2014)

### *Lokal tilpassing*

Ein tanke bak Bærekraftige Liv er at ein skal samle ulike typar menneske i ein felles innsats for betre klima og livsglede. I nokre nabolag vil innbygarane vere meir homogene, og fordeling og samansetting etter etnisitet og sosioøkonomisk status vil vere likare enn i andre. Potensialet for å nå målet om brubygging («bonding») mellom ulike typar menneske, vil derfor ha ulike førestnader i ulike bydelar i Bergen. Her vil ideen om lokal tilpassing av konseptet vere til hjelp, noko som blir framheva av informantane. Organiseringsform og aktivitetstypar må kunne tilpassast det lokale nabolaget med dei interessene, motivasjonen, infrastrukturen og engasjement som ligg der. Vi skal vidare ta for oss to andre Bærekraftige Liv initiativ som kan illustrere nokre av dei lokale forskjellane og korleis Bærekraftige Liv konseptet kan tilpassast lokalt.

### **BL Løvstakken**

BL Løvstakken vart etablert etter eit personleg initiativ frå ein interessert i mai 2013 *«for å drive med konkret miljøengasjement i nærområdet og bidra til en bedre verden»*. Etter litt råd og tips frå initiativtakarane i Bærekraftige Liv på Landås (initiativtakar kjente desse frå før gjennom jobb på Landås) vart det fyrst invitert til eit «Kom i gang med kjøkkenhage»-arrangement der ein person frå hagegruppa på Landås stilte opp som foredragshaldar. Invitasjonar vart trykt opp på plakatar som vart hengde opp i nabolaget og informasjon vart spreidd gjennom nettverk knytt til den lokale skulen. På dette møtet samla ein så inn e-post adresser til dei som dukka opp. Denne lista vart utgangspunkt for invitasjon til eit nytt og meir generelt introduksjonsmøte om kva Bærekraftige Liv er for noko. Gjennom invitasjonen til kjøkkenhagemøtet og det meir generelle informasjonsmøtet hekta to andre interesserte seg på Bærekraftige Liv Løvstakken som vidare initiativtakarar. På nyåret 2014 etablerte Bærekraftige Liv Løvstakken seg som frivillig organisasjon med eit eige styre. Dei tre initiativtakarane pluss ein fjerde person som hekta seg på etter informasjonsmøtet utgjorde det fyrste styret. Ei kjernegruppe på 10 personar vart oppretta i april 2014. BL Løvstakken vart raskare formalisert enn BL Landås, gjennom å ha nedskrivne vedtekter, årsmøte, rekneskap og møtebøker. Denne formelle organiseringa vart gjort for å gjere det lettare å søke om offentleg økonomisk støtte. Likevel er ynsket også her at organisasjonen skal vere flatast mogeleg og at alle avgjersler ikkje nødvendigvis må gå via styret.

Noko anna som skil BL Løvstakken frå BL Landås var etableringa av eit fysisk møtelokale. Sjølv om det var mogeleg å disponere lokale på den lokale skulen og i den lokale kyrkja så var det allereie mange aktørar som brukte skulen, og Bærekraftige Liv Løvstakken ynskte heller ikkje å knyte seg for tett til kyrkja. Dei ynskte her ein nøytral stad som var deira eigen. I starten gjekk dei inn i eit kontorfellesskap i nærområdet og hadde nokre samlingar der, men planane for kontorfellesskapet endra seg Bærekraftige Liv Løvstakken måtte ut. Dei fann så tilfeldigvis fram til eit tomt lokale midt i kjerneområdet til initiativet og tok kontakt med eigaren. Med styret si godkjenning starta Bærekraftige Liv Løvstakken å leige dette lokalet og etablerte «Lokalt», eit møtepunkt for BL Løvstakken. «Lokalt» er også brukt av det større Bærekraftige Liv nettverket for «kjernegruppemøter». Lokalet er eit rustikt kjellarlokale i eit gammalt trehus der initiativet kan drive med fleire ulike møteaktivitetar, men også ting som planting og snekkring. Finansieringa av leiga av lokalet var i starten ei felles kronerulling blant dei aktive. I tillegg har dei fått nokre inntekter frå utleige av lokalet og eit lite bidrag frå kommunen i samband med støtte til fellestrehagen. Dei ynskjer vidare å opprette ein meir sjølvgåande driftsmodell basert på aktivitetar, men det er vanskeleg å finne nok inntekter. Driftsmiddel er også vanskeleg å få støtte til.

BL Løvsakken har fleire ulike aktivitetar. I tillegg til å drive ein kjøkken/parsellhage så har dei også ein filmklubb, som eit samarbeid med den lokale frivillighetssentralen. BL Løvsakken tok initiativ til filmklubben etter ynskjer frå foreldre til barna på skulen i nabolaget. Her syner dei både vanlege barne- og familiefilmar, men også filmar knytt til klima og bærekraft. Andre aktivitetar er ein strikkekveld på «Lokalt» som blir arrangert ein gong i månaden og ein byttemarknad der ein kan bytte ting ein ikkje har bruk for lenger. Bærekraftige Liv Løvsakken har også ein ide om å få i gong ei gruppe som arbeider med opprusting av grøntområda i nabolaget. Tanken er at dette skal bli ei fast gruppe og ein «forskjønnespatrolje». Desse har mellom anna hatt eit lite prosjekt der dei har malt nokre benkar i ein park og satt opp ei postkasse der folk kan skrive små beskjedar til Bærekraftige Liv Løvsakken om idear, initiativ, og ros eller ris.

Ein tanke bak Bærekraftige Liv Løvsakken er det skal vere eit ope initiativ, ope for idear, initiativ og samarbeid om aktivitetar frå ulike aktørar i nabolaget, både enkeltpersonar, grupper og organisasjonar. For initiativet handlar det meir om å få til ting i nabolaget heller enn at det står i deira namn. Initiativet har ingen medlemskapsordning, sidan ein ynskjer at det skal vere ope tilgjengeleg for kven som helst som har lyst å vere med.

Løvsakksida i Bergen har ei samansett befolkningsgruppe, både når det gjeld økonomi og etnisitet. Dette blir sett på som positivt og eit spanande utgangspunkt for å få til spennande ting. Bærekraftige Liv-initiativet er her hevda å passe spesielt bra saman med ein litt trong økonomi som mange av bebuarane har, ettersom det er mykje å spare på å leve meir bærekraftig. Befolkninga på Løvsakksida ligg lågt på dei fleste levekårsindikatorar (Bergen Kommune 2011) og det er stor forskjell i sosioøkonomiske kjenneteikn mellom Løvsakken og mange av dei andre nabolagsinitiativa, noko som kan gje utslag i ulike føresetnader for og motivasjon bak aktivitetar. Som initiativtakar i Bærekraftig Liv Løvsakken forklarar:

Vi har en del ting vi ønsker å ta tak i her. Det er veldig sånn sammensatt befolkningsgruppe her oppe, og det ser jo jeg som veldig positivt, det er et spennende utgangspunkt fordi det kan komme så mye forskjellig ut av det, så vi håper jo å nå mye bredere ut enn vi gjør nå. [...] Jeg syns befolkningsmessig så er det veldig spennende her. Det er ganske mange her som lever med litt stram økonomi, så det tenker jeg egentlig kan være en fordel for å få opp engasjement, på grunn av at du kan faktisk spare ganske mye på å leve mer i takt med miljøet. Viss du begynner, og bare oppdager den muligheten til å faktisk dyrke littegranne selv og la ting få et lengre liv, at ikke all nødvendigvis må kjøpes nytt og du kan bytte på ting. Viss vi får opp de strukturene der, at vi får opp et byttemarked som blir gående, viss vi får en kultur på å dele, at sykler og ski blir fordelt videre til andre i nabolaget, så er det ganske mange som kan spare penger på det å være involvert. Så jeg tenker jo der at, det er spennende ting. (Initiativtakar, BL Løvsakken, 2014)



### *BL Hellemyren*

BL Hellemyren vart starta i mai 2014. Før dette hadde initiativtakaren hatt kjennskap til initiativtakarane i BL Landås gjennom kontorfellesskapet Bergen Impact Hub for sosiale entreprenørar, som initiativtakaren på Hellemyren var ein del av. Initiativtakaren i BL Hellemyren ynskte seg så eit lokalinitiativ i sitt nabolag, og starta å lodde stemninga blant foreldrene på lokalskulen og i nabolaget. Eit fyrste brainstorming-møte vart arrangert i juni 2014 der 8 stykk møtte opp og diskuterte fleire idear til aktivitetar eller ting som burde blitt gjort i nabolaget. I oktober same året vart det skipa til eit oppstartsmøte for BL Hellemyren. Her møtte om lag 30 stykk opp til eit inspirasjonsforedrag frå ein initiativtakar frå Landås og til ei felles idemyldring om kva som kunne skipast i stand av aktivitetar og ei samankopling av dei som var interesserte i det same. E-postadressene til dei oppmøtte vart samla inn. Nokre av dei oppmøtte stilte seg også til disposisjon til å bli med i ei kjernegruppe. Ei kjernegruppe på 6 stykk vart så oppretta. I etterkant av møtet vart det sendt ut e-postar til grupper av personar som hadde vist interesse for same tema. Tanken var her at dei som hadde skrive seg opp på same tema skulle kunne samarbeide om å utvikle ein aktivitet som var tilgjengeleg for alle i BL Hellemyren. Dette er noko som ligg i formålet til Bærekraftige Liv, at ein skal nå ut til heile nabolaget. Derimot utvikla det seg ein tanke om at aktiviteten i gruppene berre skulle omfatte gruppene. Den fyrste planlagde aktiviteten i ei av gruppene vart difor mislykka, det var lite eller ingen kommunikasjon og spreing av informasjon utad om aktiviteten og ingen møtte opp. Kjernegruppa, som møttest om lag ein gong i månaden, ville difor skipe til aktivitetar på vårparten av 2015 som skulle fungere som ein fyrste aktivitet der nabolaget kunne sjå korleis ein kan gjere det.

Det viser seg at det er lettere for folk å snakke om hva de kunne tenke seg å gjøre, enn å faktisk gjøre det de snakker om. Det gjenstår derfor å se om folk forstår at de selv må ta initiativet. Til nå har folk vært litt avventende, som om de venter på at noen andre skal dra det hele i gang. Dette jobber vi i kjernegruppen med, og vi skal se på hvordan vi kan få satt i gang med noe som er lavterskel og gå foran med et godt eksempel. (Initiativtakar, BL Hellemyren, 2014)

Fleire aktivitetar vart planlagde, mellom anna ein byttedag, ein langbordsfest, hagekompostering og utforming av ei eiga nettside. Dei ynskjer også å lage til ein nabolagskafe på den lokale kebabkiosken. Ein tenkt aktivitet i BL Hellemyren var å arrangere ein byttedag, på same måte som i BL Løvstakken. Men med ein annan sosioøkonomisk status i befolkninga er kanskje motivasjonen bak noko annleis enn i BL Løvstakken. I staden for at økonomiske avgrensingar er ein motivasjonsfaktor for å skipe til og delta på

ein byttedag så ville kanskje motivasjonen vere at ein har for mykje ting som ein ynskjer å bli kvitt. Initiativtakaren forklarar det slik:

[...] i ytre Sandviken der har vi litt mer, hva skal jeg si, vi har jo blokker, vi har forskjellige mennesker der også, men det er nok helt klart mye mindre mangfoldig sånn sett. Litt mer velstand. Jeg opplever ikke det når jeg bor der selv, men jeg tror det påvirker litt hva slags aktiviteter man får til, hva det er folk er interessert i. Det er jo så høy materiell velstand, så byttegruppe kom opp ganske raskt ikke sant. For folk har så mye ting de vil kvitte seg med uten å kaste det, kvitte seg med ting på en måte så de ikke får dårlig samvittighet. (Initiativtakar, BL Hellemyren, 2015)

Når det gjeld formalisering av lokalinitiativet, så vart dei avventande ettersom det ikkje var noko økonomi i laget. Dei ville halde det så uformelt og lavterskel som mogeleg så lenge dei kunne. Initiativtakaren hadde her ei klar oppfatning om at folk generelt er litt redde for for mykje formalisering og administrasjon, og at ein heller vil ha ting enkelt. BL Hellemyren ville heller satse på å få aktivitetar opp å gå, og så eventuelt registrere seg som frivillig organisasjon om det vart nødvendig, for eksempel for å kunne søke om pengar. I følge initiativtakaren var potensialet for å få til eit aktivt BL initiativ stor i dette nabolaget. Nabolaget er kjenneteikna av ei ressurssterk befolkning, utdanningsmessig, økonomisk og sosialt, der mange er svært aktive i for eksempel FAU, Skulekorpset og i Idrettslaget.

For eksempel FAU på Hellen skole er jo helt sånn der, det er jo foreldre som har slike superkrefter, som har fem barn og som er engasjert i korpset, FAU, alt som går an å engasjere seg i, går fremst i 17.mai toget, buekorpset, alt, skjønner du. Det er en sånn type superforeldre. [...] Det har jeg tenkt hele tiden [...], at vi har så ressurssterke foreldre som kan bidra og få ting til. (Initiativtakar, BL Hellemyren, 2015)

Samtidig måtte ein også passe på å ikkje lage for mykje organisering og administrasjon, sidan mange av dei som ville delta allereie var engasjerte i fleire andre frivillige organisasjonar og ville ha avgrensa med tid. For å få dette lokalinitiativet opp å gå av seg sjølv så måtte ein også ta tida til hjelp, i følge initiativtakaren. Ein kunne ikkje her samanlikne seg med aktivitetsnivået på BL Landås, som hadde drive på i mange år. Det er mange ting som må klaffe for å ting skal begynne å rulle.

Ei anna utfordring med å skape engasjement i lokalbefolkninga var å treffe dei med rett budskap og ein tankegang kring BL prosjektet som dei kunne identifisere seg med, der ein ikkje har for mykje fokus på dette med miljøaktivisme. Dette såg vi også på Landås, der ein måtte tone ned «tofu-faktoren».

Det er litt om å gjøre å treffe de på en måte som gjør at de føler de kan identifisere seg, og da er vi litt tilbake igjen til at vi må være litt forsiktige med dette med miljøaktivistbevegelsen, nettopp på grunn av det. Det er ikke til å komme i fra at det er en del godt holdne mennesker som bor der ute. (Initiativtakar, BL Hellemyren, 2015)

Eit sentralt poeng her er at lokale tilpassingar av større sosiale rørsler og organisasjonar er ein viktig føresetnad for å lukkast. Dette gjeld både for oversetting og tilpassing av større rørsler som Transition til den norske konteksten, men også å tilpasse lokale initiativ som Bærekraftige Liv til kvart einskilde nabolag.

Noe av det som ligger i Transition, i omstillingskonseptet, er jo at det må være veldig ut fra det lokale; lokale behov, lokale forhold, ikke sant. Så når grunnleggeren blir spurt om hvordan man skal starte Transition i Brasil så sier han «no idea», det må de finne ut av, så dette er jo, vi føler vi henter masse impulser og ideer derifra og så må vi sjøl tenke hvordan dette passer inn i vår kontekst og så prøve å bygge opp noe... (Initiativtakar 2, BLL, 2012)

## Bærekraftige Liv som sosialt entreprenørskap

Fleire av initiativtakarane i Bærekraftige Liv definerer seg sjølv som sosiale entreprenørar, der tre av dei har kontorplass på Bergen Impact Hub, ein innovasjonslab, forretningsinkubator og medlemsfellesskap for sosiale entreprenørar. Initiativtakaren bak Hellemyren, som har kontorplass på HUBen forklarer her korleis ho forstår sosialt entreprenørskap, kva relasjonen er mellom sosialt entreprenørskap og BL og korleis ho opplever denne relasjonen:

I bunn og grunn er det dette med trippel bunnlinje, at du ikke gjør ting bare for profitt, bare for å tjene penger på det, men du løser en utfordring i samfunnet. Men sosialt entreprenørskap er jo også business, det er jo forskjellen til dette med frivillighet og veldedighet. Sosialt entreprenørskap har alltid vært business, men det er businessmodeller som løser problem i samfunnet, veldig enkelt sagt. Mange har jo en oppfatning om at en ikke skal tjene penger om en sosialt entreprenør, men alle skjønner jo at en må ha et inntektsgrunnlag for å kunne drive som alle andre, så derfor må jo også sosiale entreprenører tjene penger og kunne leve av det. Så på en måte, viss du tar vekk den der penge-, det finansielle aspektet i det, så er det jo slik at BL, altså de som jobber i den organisasjonen, som egentlig er bare to stykker, de er jo sosiale entreprenører fordi de har skaffet seg et inntektsgrunnlag av den grasrotbevegelsen, ikke for å bli rik, men for å ha noe å leve av. Men, for de utenfor, under grasrotbevegelsen, de handler jo på frivillig basis. [...] For min egen del så er det jo sånn at BL og det jeg jobber med for øvrig går litt over i hverandre.

Altså, at hele den ideen om at en kan skape noen endringer ved å jobbe nedenifra og opp, det er jo egentlig det jeg gjør i jobben min her og ellers også, for meg er det en heilt sånn logisk måte å gjøre ting på. Slik vi jobber her, sosiale entreprenører, folk som vil endre verden litt, som finner ut at de skal gjøre det, bare bestemmer seg. Ja, den koblingen der mellom de som har lyst til å forandre bare littegrann på et eller annet, og resten av samfunnet, det er på en måte det bærende prinsippet i BL, det er det jeg jobber med her [Bergen Hub]. Så disse tingene er liksom, jeg står liksom midt opp i den måten å tenke på og å jobbe på. Så for min del så var det egentlig bare en naturlig ting å starte med BL, som en forlenger av det jeg gjør ellers. (Initiativtakar, BL Hellemyren, 2015)

Matkollektivet, som er under samvirkedelen av BL, er eit reindyrka forretningskonsept med spesifikke samfunnsendrande formål som å auke regional verdiskaping, mattryggleik, dyrevelferd, bevare levande kulturlandskap og bidra til effektiv ressursbruk. Matkollektivet gjer seg nytte av det lokale BL nabolaget og engasjementet der som kundegrunnlag for å kunne knyte lokale småskala matprodusentar meir direkte til kundar. Planen er vidare å kunne utvide ordninga med fleire hentepunkt rundt i kring i byen. Matkollektivet er det delprosjektet under BL som i størst grad sorterer under ein marknadslogikk og eit forretningskonsept. I følgje initiativtakarane er matkollektivet «enda en måte å forandre verden på gjennom økt regional verdiskaping, økt matsikkerhet, trygg dyrevelferd, levende kulturlandskap og smart ressursbruk, for å nevne noe» (sitat frå nettsida matkollektivet.no).

Matkollektivet, det er et eksempel på, når vi ser at vi har mange i et område som vil noe, det var sånn vi begynte, viss vi har hundre husstander på Landås som egentlig drømmer om å handle lokal mat produsert på Vestlandet, hvorfor driter vi ikke bare i Rema 1000 og går rett til bøndene da, og så sier vi da; «hei vi representerer hundre kunder, kan du levere direkte til oss?» Så det gjør vi nå. Vi bygger ut hele nettverket, det er derfor jeg skal snakke med Bien bar fordi vi trenger kokker inn i det der, og de er jo superengasjerte i det her. Og jeg skal bort etterpå å snakke med Solheim Kjøtt, for hvorfor leverer vi ikke pølser fra Solheim Kjøtt, der de tar inn lam og hjort og alt fra lokale leverandører på Vestlandet, ikke en eller annen grossist fra Langtvekkistan. Men faktisk si sånn, nå har vi en hjort, kan dere ta den inn, kan dere forelde det til pølser, så selger vi pølsene, så kan vi si at hjorten er fra Hardanger, pølsene fra Solheim Kjøtt, schmokk, vær så god. Og på den måten så kan vi bidra til den regionale verdiskapingen gjennom trygging av arbeidsplasser, at pengestrømmene på Vestlandet tar en ekstra runde på Vestlandet og bidrar til samfunnsbyggingen, samtidig som vi da helt lokalt kan hjelpe de lokale foredlerne i Bergen [...]. Fordi, folk sier at de ønsker å handle lokalt, men de gjør det ikke. Veldig mange ønsker jo å handle lokal mat, men det er for komplisert, vi handler ikke sånn lenger, vi går ikke fra butikk til butikk og handler. Jeg vil jo gjerne gå og handle på Solheim Kjøtt, men de får jo ikke

mine penger kanskje mer enn to ganger i året viss de er heldig. Så det der vil vi på en måte sette i system, og da kommer matkollektivet inn her i det mellomsjiktet som den første business-ideen fundert på dette nettverket som kommer nedenifra, og som begynner på Landås med lokalt hentepunkt på Landås og som vi da bygger som en modell som skal kunne rulles ut i de andre nettverkene, og det kan bli hvor stort som helst. Men til det trenger vi samvirket, dette kan vi ikke gjøre i lokalforeningen [...] foreningen er ikke lagd for å gjøre business i, så derfor trenger vi samvirket. (Initiativtakar 1, 2014)

Sosialt entreprenørskap kan også koplast opp mot offentleg sektor, som velferdsprodusent eller som reiskap for iverksetting av offentleg politikk. I 2013 fekk BL Landås midlar frå Bergen kommune til ein forstudie for å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for berekraftig samfunnsutvikling. Tanken er her å plasserer eit slikt kompetansesenter i gamle Landås hovudgard. BLL har lenge hatt aktivitet kring huset, mellom anna ein parsellhage, men ynskjer vidare å bygge opp eit kompetansesenter for kortreist mat i eit berekraftig perspektiv. Det handlar om dyrke og å formidle kunnskap om mat til både vaksne og born, å skape ein lokal møtestad med rom for glede og alvor. I tillegg er tanken at dette også skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for berekraftig omstilling og ein «Grøn frivilligsentral».

Vi kan altså sjå på fleire av initiativtakarane i BL som sosiale entrepenørar og BL som eit sosialt entreprenørskapsprosjekt, eit initiativ som ligg i den tredje sektor, mellom stat, marknad og fellesskapsfæren, med aktivitetar som kombinerer kjenneteikn frå både marknadssfæren og frå frivillig sektor, og som kan vere eit uttrykk for engasjement i offentleg politikk. Matkollektivet nyttar seg direkte av ein marknadslogikk og fungerer som ein marknadsaktør. Samtidig arbeider dei opp mot det offentlege (kommune og stat) og fått ulike former for økonomisk støtte med bakgrunn i dei samfunns- og miljøbidraga ein ser i Bærekraftige Liv. I det meste av aktivitetane elles i BL handlar det likevel om frivillig deltaking. Eit slikt mangefasettert prosjekt som Bærekraftige Liv, med ulike aktivitetar, ulike nivå, ulik grad av formalisering og organisering skaper likevel utfordringar med tanke på organisasjonsformer og i å skape eit stabilt grunnlag. Eit felles referansepunkt, eller eit nøkkelord for heile BL som eit sosialt entreprenørskapsprosjektet, er likevel *samfunnsending*. Det er ein grunnleggande tanke bak oppstarten av initiativet og drivkrafta til fleire av initiativtakarane og til mange av deltakarane, at dei er med på eit fellesskapsprosjekt som kan vere med å endre samfunnet til det betre, både sosialt, økonomisk og klima- og miljømessig – lokalt og globalt.

## Frå protest til fest. Bærekraftige liv som politisk prosjekt

I tillegg til alle dei ulike aktivitetane og temagruppene i initiativet på Landås, så har BLL også initiert andre og meir politisk orienterte prosjekt, for eksempel Landåskonferansen. Frå politisk hald har dei hatt kontakt med fleire lokalpolitikarar i Bergen, og våren 2012 kom Kommunal- og Regionalminister Liv Signe Navarsete på besøk. I 2014 fekk dei også besøk av klima- og miljøvernminister Tine Sundtoft for å kunne presentere Bærekraftige liv og å oppfordre til statleg støtte til prosjektet. I etterkant av møtet med klima- og miljøvernministeren fekk Bærekraftige Liv også ein plass i ministeren sitt Klimapanel, saman med 24 andre representantar frå miljørørsla, nærings- og arbeidsliv og forskning. Undervegs har Bærekraftige Liv også fått fleire prisar for lokalt miljø- og klimaarbeid, frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og andre miljøvernorganisasjonar. Media har også etter kvart fatta meir interesse for Bærekraftige Liv-initiativet og dei har fått oppslag i både lokale og nasjonale medier.

Ein viktig diskusjon omkring den internasjonale Transition-rørsla, som også Bærekraftige Liv kan seiast å vere ein del av, er i kva grad det er ei politisk rørslе, eller om det er eit uttrykk for ei tilbaketrekking frå det politiske. Ein måte å skildre dei dominerande miljødiskursane i dag på er at dei er post-politiske (Swyngedouw 2007, 2010, 2013; Mouffe 2005). I globaliserte postpolitiske samfunn er vi meir opptekne av saker som er knytt til vår livstil og det personlege (Giddens, 1992), samtidig som medborgarar i dag er stadig meir bevisst nye risikoar og bekymringar. Dette er med på skape nye former for politikk som skal kunne handtere slike spørsmål (Stevenson 2011). Det kan her handle om å omsette kvardagspolitikk til meir utover- og samfunnsretta spørsmål og politikk.

Fleire som har forska på Transition rørsla har påpeika at Transition fyrst og fremst er ei lokaliseringrørslе (Bailey et al. 2010; Mason & Whitehead 2012; Neal 2013) der lokalismen er midpunktet som andre forteljingar i rørsla blir knytt opp mot, for eksempel referansane til klimaendring og slutten på oljen («peak oil») (Kenis & Mathjis 2014). I Transition rørsla, hevdar Kenis og Matjis (2014), blir det lokale, det gode liv, fellesskap og ruralitet konstruert på ein slik måte at det blir avpolitisert. Eit døme på dette er fråveret av makt, konflikt og eksklusjon i skildringane av det rurale i Transition rørsla (Kenis & Matjis 2014). Det som lokalisme-strategiar overser er det same som blir dekkja over i post-politiske representasjonar av samfunnet. At samfunnet er komplekst og at det er ulik fordeling av makt, er tema som ikkje blir tematisert i Transition-rørsla. Det som blir kalla for «lokale fella» kan også i stor grad bli kalla for «den postpolitiske fella» der visse lokalisme strategiar ser ut til å ha ein apolitisk eller avpolitiserande effekt (Clarke & Cochrane 2013; DuPois & Goodman 2005; Hinrichs 2003). Det lokale blir sett på som eit mål i seg sjølv, noko som fører til ei tildekking av den politiske prosessen der det lokale blir konstruert, noko ein kan finne att i konkrete

Transition-initiativ (Mason & Whitehead 2012; Neal 2013, Smith 2011; Trapeze Collective 2008). På tross av dette meiner Kenis og Matjis (2014) å finne ulike diskursar og haldningar innad i Transition-rørsla, noko som dei hevdar kan vere ein kime til eller ein start på ei repolitisering av rørsla. Her kan ein spørje om ein slik lokaliseringdiskurs, som Bærekraftige Liv er ein del av kan klare å overskride den post-politikken som er hevda å dominere det politiske system i dag (Clarke & Cochrane 2013; DuPois & Goodman 2005; Hinrichs 2003).

Med fokus på politisk demokrati, hevdar Stevenson (2011) at Transition rørsla fungerer som ei demokratisk sosial rørsle i kraft av å styrke og myndiggjere vanlege borgarar i klimaendringspolitikken. Men, rørsla lid også av demokratiske underskot. For det fyrste hevdar Stevenson (2011) at Transition rørsla er basert på eit for dogmatisk og bastant kunnskapssyn for eksempel omkring slutten på oljen («peak oil») der det er lite rom for debatt. For det andre at rørsla i hovudsak består av den utdanna middelklassen og er for snevert utbreidd i befolkninga. For det tredje er rørsla for lite demokratisk organisert, utan eit reelt medlemsdemokrati med formelt medlemskap og ytrings- og stemmerett. For det fjerde manglar rørsla også ein klar og kritisk politikk ovanfor staten, for korleis den skal bidra til formålet og for korleis den kan demokratiserast, i følge Stevenson (2011). Om vi ser på Bærekraftige Liv kan vi spørje om dei engasjerte er representative for «folk flest» og i kva grad dei sjølve er demokratisk organisert. Angående det siste så har Bærekraftige Liv på Landås og andre bydelsinitiativ etter kvart utvikla fleire demokratiske strukturar med for eksempel formelt medlemskap og årsmøte. Ut frå den studien som er gjort her av Bærekraftige Liv i Bergen har vi ikkje funne særlege teikn til indre konflikhtar, men det kan likevel tenkjast at slike eksisterer. I så fall vil ein meir demokratisk struktur potensielt kunne formidle og handtere slike konflikhtar.

Når det gjeld Bærekraftige liv meir konkret, kan ein spørje om i kva grad diskusjonane kring Transition-rørsla er like relevante. Ein ting er korleis eit initiativ som Bærekraftige Liv definerer seg sjølv, ein annan ting er korleis ein kan tolke prosjektet som politisk i ein større kontekst. Sjølv om det politiske aspektet ikkje er spesielt framtrudande i Bærekraftige Liv, så kan dei likevel ha viktige politiske funksjonar. Eit døme er korleis slike lokale initiativ kan fungere som talerøyr mellom grasrota og høgre politiske nivå, både lokalt og nasjonalt. I Bergen kan ein sjå ei mogleg kopling mellom ei avvikling av bydelsstyrer tidleg på 2000-talet (Fimreite m.fl. 2003) og den funksjonen som Bærekraftige Liv kan ha som talerøyr for innbyggjarar på grasrota. Bærekraftige Liv kan potensielt fylle eit eventuelt demokratisk tomrom, eller supplere eksisterande sturukturar for kommunikasjon mellom grasrota i bydelane og det politiske styringsnivået i byen. Om vi tar for oss delprosjektet Landåskonferansen og Landås 2030 så ser vi eit heilt konkret politisk prosjekt innanfor BL. Her prøver Bærekraftige Liv gjennom Landåskonferansen/-

Landås 2030 å bli ein open og inkluderande arena og ein kanal for innflytelse i saker som omhandlar lokale forhold. Her skal ulike typar aktørar kunne delta og kome med innspel i forhold til lokal byutvikling. Landås 2030 ynskjer her å utvikle ein eigen nabolagsplan for Landås, med utgangspunkt i Landåskonferansen og engasjementet i nabolaget omkring nabolagsspesifikke tema og tiltak. Målet er å vere eit demokratifremjande tiltak for å skape større innflytelse blant innbyggjarar om utvikling, planar og tiltak i eigne nabolag, ovanfor dei kommunale avgjerslemyndigheitene. På heimesida si spør Landås 2030:

Hvorfor brukes lokalt engasjement så ofte til å protestere? Kan man, som beboere, innta en annen rolle? Å peke på muligheter? Å vise vei i forhold til bærekraft og smarte løsninger? Kan vi legge premissene for prosessen? Si ja istedenfor nei?

I forhold til klimapolitikk meir generelt har også Bærekraftige Liv spelt ei rolle både lokalt i Bergen, men også nasjonalt, med for eksempel den merksemda dei har fått og den plassen dei fekk i Klima og miljøminister Sundtoft sitt Klimautval. Som Bærekraftige Liv uttrykkjer det i prosjektskildinga si «Venter vi på tiltak fra myndighetene vil det være for lite, for seint. Handler vi bare som individer, blir det for smått. Handler vi som lokalsamfunn kan det kanskje være akkurat nok, akkurat i tide!»<sup>4</sup>

Dei konkrete politiske handlingane vi har vore innom no kan tolkast som det Ekman og Amnå (2012) kallar for manifest politisk handling. Men også andre former for handling utanom det politiske eller parlamentære system kan tolkast i eit politisk perspektiv, som kvardagspolitikk og latent- eller prepolitisk handling. Dette kan for eksempel gjelde generell merksemd mot eller interesse for politiske og sosiale saker retta mot både miljø/klima og utvikling av fellesskap som vi kan finne i Bærekraftige Liv, eller engasjement og handlingar som basert på desse interessene. Merksemda som mange av dei aktive i Bærekraftige Liv har til å vere del av ei rørsle og ein livsstil som promoterer bærekraftig utvikling kan også tolkast som politisk. (Ekman og Amnå 2012).

## Bærekraftige Liv som eit fleirdimensjonalt initiativ

Eit særtrekk ved Bærekraftige Liv er eit mangfald av aktivitetar, organisasjonsformer og organisasjonsnivå. Med tanke på dei ulike bydelsinitiativa og forholdet dei i mellom, så er organisasjonsstrukturen lite hierarkisk og med ein klar nettverksstruktur. På individ- org aktivitetsnivå

---

4. [http://www.barekraftigeliv.no/content/files/prosjektbeskrivelse\\_Baerliv.pdf](http://www.barekraftigeliv.no/content/files/prosjektbeskrivelse_Baerliv.pdf)




prøver ein å skape sosiale nettverk og interaksjon mellom naboar i dei ulike bydelane. Samtidig er desse nabolaga igjen kopla saman i eit organisasjonsnettverk der Landås er ein sentral node. Landåsinitiativet er også sentralt når det gjeld eit gryande nasjonalt nettverk av Bærekraftige Liv initiativ. Sentraliteten til Landås betyr likevel ikkje at Landås har særskild avgjerlemakt over dei nye initiativa, sjølv om dei må følgje visse prinsipp for å kome inn under paraplyen. Slik sett er initiativa i nettverket relativt uavhengige og autonome, samtidig som dei gjerne vender seg mot Landås som ei sentral inspirasjonskjelde. Likevel har vi sett at når nettverket blir større og aktivitetane blir fleire så pressar det seg fram eit visst behov for organisering og sentralisering. Den frivillige og fritidsorienterte grasrotaktiviteten blir likevel forsøkt skjerma for formalisering sidan dette kan øydeleggje motivasjonen som folk har til å delta i aktivitetane. Kommunikasjon gjennom internett og i sosiale medier syner seg å vere eit viktig verkøy for organisering og administrasjon av aktivitetar, samt til sprenging av generell informasjon til nettverket. For Bærekraftige Liv blir denne forma for kommunikasjon i størst grad retta innover mot eige nettverk, men den fører også til at informasjon om Bærekraftige Liv blir spreidd utover.

Bærekraftige Liv-konseptet er også kjenneteikna av ein fleksibilitet med tanke på lokal tilpassing av konseptet til dei lokale nabolaga. Den same type oppbygging, aktivitetar og motivasjonsgrunnlag passar ikkje like godt alle stader, men må tilpassast den lokale demografien, geografisk utforming, lokal infrastruktur og interesser i kvart nabolag.

Med bakgrunn i dei tre funksjonane til sivilsamfunnet som vart drøfta i kapittel 1 og skildringa og diskusjonane om Bærekraftige Liv, kan prosjektet hevdast å fylle alle dei tre funksjonane. Gjennom konkrete politiske initiativ, innspel og engasjement har Bærekraftige Liv *ein politisk funksjon* der dei fungerer som eit politisk talerøyr for innbyggjarar og grasrota opp mot lokale, regionale og nasjonale nivå. I eit utvida politisk perspektiv kan også mykje av handlingane, aktivitetane, haldningane og filosofien i Bærekraftige Liv sjåast på som politiske. Som eit lokalsamfunnsprosjekt kan også Bærekraftige Liv seiast å fylle viktige *integreringsfunksjonar*, i den grad dei klarer å skape nabolagsfellesskap, sosiale nettverk og tillit (sosial kapital), både blant innbyggjarane lokalt og blant innbyggjarar og det politiske nivå. Ut frå denne studien ser det ut til at i alle fall Bærekraftige Liv på Landås har lukkast med dette. Utfordringa er kanskje større i nabolag som Løvsstakken, der befolkninga er meir mangfaldig, med ulike nasjonalitetar, språk, og ein lågare sosioøkonomisk status. I eit *økonomisk perspektiv* har vi sett korleis fleire av initiativtakarane har skapt eit levebrød basert på dette engasjementet, som også kan sjåast på eit sosialt entreprenørskapsprosjekt. Matkollektivet er ei økonomisk verksemd som stimulerer til ein meir lokalorientert økonomi, og som stimulerer til lokal produksjon av mat og matvarehandel.

Ei visuell framstilling av korleis Bærekraftige Liv kan tenkast å plassere seg med tanke på samfunnssektorar, kjenneteikn, verdiar og omgrep er vist i Figur 5 nedanfor.

Figur 5: Sektorplassering og kjenneteikn



Sjølv om Bærekraftige Liv har klare koplingar opp mot marknadssfæren og den offentlege og politiske sfæren, så har kanskje plasseringa i fellesskapsfæren og frivillig sektor noko meir vekt, og kan kanskje representere noko nytt i frivillig sektor. Som vi har vore inne på har Bærekraftige Liv aktivt tatt avstand frå tradisjonelle modellar for frivillig organisering. Dei har ikkje ynskt å vere ein tradisjonell frivillig organisasjon fordi slike organisasjonar blir opplevd som kjedelege, byråkratiske og tidkrevjande. Initiativtakarane har vore bevisste på at nordmenn i dag har lite tid til overs, og har vore opptekne av å legge til rette for eit lystbetont, interessebasert og fleksibelt engasjement for folk flest i sine kvardagsliv. Reint formelt er fleire av nabolagsinitiativa registrerte som frivillige organisasjonar for å kunne ha ein grad av økonomi og for å kunne søke etter offentlege middel. Men dette ligg mest på det formelle organisatoriske nivå, noko initiativtakarane ynskjer å halde vekke frå engasjementet og aktivitetane som går føre seg i nabolaga og i gruppene under BL-paraplyen. Aktivitetane og engasjementet i nabolaga er det sentrale, mens det organisatoriske er

sekundært. Det sosiale siktemålet er i sentrum, ein vil byggje gode sosiale fellesskap og ansikt-til-ansikt integrasjon i nabolaga der ein bur gjennom aktivitetane i BL. Eit av slagorda til BL er også «Frå protest til fest» noko som illustrerer korleis dei i stor grad er konsensusorienterte og ikkje konfliktorienterte; dei vil heller vere for noko enn mot noko og skape noko i staden for å få noko vekk. BL kan på denne måten forståast i eit kommunitaristisk perspektiv med framheving av lokale fellesskap og lokalsamfunn, noko som også blir illustrert i sitatet under.

*Intervjuar: Kva tenker du at Bærekraftige Liv har gjort for Nabolaget på Landås?*

Jeg tenker at det har skapt utrolig mye glede og mening i det å være en del av et større fellesskap. Jeg tror folk føler at det å være i, å gå på en nabolagstrening på en lørdag, og bare gå hjem og drikke kaffi, det er sånn enkle ting som bare kan gi sånn følelse av mening i hverdagen at du kan gjøre ting der du bor og samtidig bli litt mer kjent med folk, at du ikke må forflytte deg rundt hele Bergen for å gjøre noe, men at du kan være der du bor og knytte relasjoner der. Så jeg tror det gjør noe med livskvaliteten i forhold til nærmiljøet og jeg tror folk blir bedre kjent. Så tror jeg at folk også er stolte over å være en del av noe som folk faktisk reiser seg og gjør noe. Og det er jo den greia vi snakker om at vi mener vi skaper mening, handling og håp. Men det er ikke dermed sagt at, vedhogsten i seg selv vil ikke forandre verden, eller at vi har byttefest, men at folk er med og gjør disse handlingene gjør at man kan se seg selv litegranne mer i speilet dagen etter og føle at du gjør noe, at du kan svare ungene dine litegrann bedre på de vanskelige spørsmålene, og det gjør noe, de handlingene gjør noe med holdningene også og ikke minst så skaper det en eller annen form for håp, at ja jeg gjør noe bedre i dag enn jeg gjorde i går. Og det gjør egentlig en stor endring i folks liv, i forhold til å orke å forholde seg til den utfordringen. (Initiativtakar 3, BLL, 2014)

Nabolags- og fellesskapsfokuset treng likevel ikkje bety at dei ikkje har politiske dimensjonar og demokratiske funksjonar, med koplingar til politikk, styring og samfunnsutvikling på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, som vi har vore inne på. Bærekraftige Liv har også koplingar til marknadssfæren, men er meir fellesskapsorienterte enn profittorienterte, og siktar mot å skape handel, produksjon og verdiar lokalt. Matkollektivet som samvirke og sosialt verksemd syner illustrerer dette klart. Det handlar her også om innovasjon og sosialt entreprenørskap der ein ved bruk av marknadslogikk søker å skape sosiale og miljømessige fordelar og verdiar.

Denne casestudien illustrer også utviklingstrekk vi ser i det norske sivilsamfunnet og i den frivillige sektor i dag, der engasjement blir meir lokalt fokusert og mindre formelt. Vi ser likevel at nytt engasjement ikkje berre er lokalt fokusert, men kan rette seg mot både kommunalt og statleg nivå, noko vi har sett i forhold til miljø- og klimaengasjementet i Bærekraftige Liv. Dette

engasjementet handlar også i siste instans om globale spørsmål, men som blir forsøkt takla på eit lokalt nivå.

Det dukkar også opp nye verksemder i form av sosialt entreprenørskap som kan bidra til sosial innovasjon og som utgjer nye aktørar i sivilsamfunnet. Vi ser også at samfunnsengasjement i dag kan vere påverka av eller vere uttrykk for internasjonale trendar, der spesielt internett spelar ei viktig rolle for tilgang til informasjon. Internett er også viktig for den interne organiseringa av frivillig engasjement, som kan lette eller supplere meir tradisjonelle organiseringsformer.

For å forstå endringar i sivilsamfunnet og i frivillig sektor, og samfunnsutvikling meir generelt, er det nyttig å undersøke slike nye frivillige initiativ. Desse kan illustrere tilstand og nye trendar i sivilsamfunnet, og peike på barrierar og potensial for sivil og politisk engasjement som eksisterer i dag. Dette kan igjen informere sivilsamfunnet sjølv og politikarar om korleis ein kan leggje til rette for samfunnsengasjement, samfunnsintegrasjon og nye former for samfunnsnytting verdiproduksjon.

## Litteratur

- Allen, P (2004): *Together at the table: Sustainability and sustenance in the American Agrifood system*. Philadelphia: Pennsylvania State University Press.
- Allen, P., M. FitzSimmons, M. F. Goodman og K. Warner (2003): "Shifting plates in the agrifood landscape: the tectonics of alternative agrifood initiatives in California". *Journal of Rural Studies*, 19: 595-605.
- Baily, I., Hopkins, R., Wilson, G. (2010) Some things old, some things new: the spatial representations and politics of change of the peak oil relocalization movement. *Geoforum* (41) 595-605.
- Bauman, Zygmund (2004): *Europe: An unfinished adventure*. Cambridge: Polity.
- Bergen kommune. (2012): *Levekår og helse i Bergen 2011*. Bergen. URL: [https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00138/LEVEK\\_RSRAP\\_PORT\\_LO\\_138987a.pdf](https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00138/LEVEK_RSRAP_PORT_LO_138987a.pdf)
- Born, B og M Purcell (2006): "Avoiding the local trap: Scale and food systems in planning research". *Journal of Planning Education and Research*, 26: 195-207.
- Campbell, M.C (2004): "Building a common table". *Journal of Planning Education and Research*, 23: 341-355.
- Castells, Manuel (1997): *The Power of Identity. The Information Age: Economy, Society and Culture. Volume 2*. Oxford: Blackwell.
- Cavangh, J og J Mander (2004): *Alternatives to economic globalization. A better world is possible*. San Francisco: Berret-Koeler Publishers.
- Clarke, N. og Cochrane, A. (2013) Geographies and politics of localism: the localism of United Kingdom's coalition movement. *Political geography* (34) 10-23.
- Crook, S, J Pakulski og S Crook (1992): *Postmodernization - change in advanced society*. London: Sage.
- DeFillips, J (2004): *Unmaking Goliath: Community control in the face of global capital*. London: Routledge.
- DeLind, L.B (2006): "Of bodies, place and culture: re-situation local food". *Journal of Agricultural Environmental Ethics* 21: 121-146.
- della Porta, Donatella og Marion Diani (2011): "Social Movements" i Edwards, Michael (red.), *The Oxford handbook of civil society*. Oxford: Oxford University Press.
- DuPuis, M og D Goodman (2005): "Should we go "home" to eat? Towards a reflexive politics in localism". *Journal of Rural Studies*, 21: 359-371.
- Ekman, Joakim og Erik Amnå (2012): "Political participation and civic engagement: Towards a new typologi". *Human Affairs*, 22: 283-300.
- Feagan, R (2007): "The place of food: mapping out the "local" in food systems". *Progressive Human Geography*, 31: 23-42.
- Feenstra, G (1997): "Local food systems and sustainable communities". *American Journal of Alternative Agriculture*, 12: 28-37.
- Fimreite, A., L., Kvalvåg, S., Klausen, J., E., Myrvold, T., M.,; Opedal, S., (2003) Styringssystem i storby. Evaluering av styringssystemet i Bergen kommune. Rapport 4-2003. Bergen, Rokkansenteret.
- Giddens, A. (1991) *Modernity and self-identity: Self and society in the late modern age*. Cambridge: Polity Press.
- Hines, C (2000): *Localization: A global manifesto*. London: Earthscan.

- Hinrichs, C.C (2003): "The practice and politics of food system localization". *Journal of Rural Studies*, 19: 33-45.
- Hinrichs, C.C og P Allen (2008): "Selective patronage and social justice: local food consumer campaigns in historical context". *Journal of Agricultural and Environmental Ethics*, 21: 329-352.
- Kenis, A og E Matjjs (2014): "Climate-change and post-politics: repoliticizing the present by imagining the future?". *Geoforum*, 52: 148-156.
- Mariola, M.J (2008): "The local industrial complex? Questioning the link between local foods and energy use". *Agricultural Human Values*, 25: 193-196.
- Mason, K., og Whitehead, M (2012) Transition urbanism and the constested politics of ethical place making. *Antipode* 44 (2), 493-515
- Mouffe, C. (2005): *On the political*. London: Routledge.
- Neal, S. (2013) Transition culture: politics, localities and ruralities. *Journal of rural studies* (32) 60-69
- North, P (2010): "Eco-Localisation as a progressive response to peak oil and climate change; a sympathetic critique". *Geoforum*, 41: 585-594.
- Sage, C (2003): "Social embeddedness and relations of regard: alternative "good food" networks in south-west Ireland". *Journal of Rural Studies*, 19: 47-60.
- Seippel, Ørnulf (2000): *Modernitet, politikk og miljø*.
- Selle, Per og Bjørn Øymyr (1995): *Frivillig organisering og demokrati. Det frivillige organisasjonssamfunnet 1940-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Seyfang, G (2006): "Ecological citizenship and sustainable consumption: examining local organic food networks". *Journal of Rural Studies*, 22: 383-395.
- Seyfang, G (2007): "Growing sustainable consumption communities. The case of local organic food networks". *International Journal of Sociology and Social Policy*, 27: 120-134.
- Sommino, R (2010): "Escaping the local trap: insights on re-localization from scholl food reform". *Journal of Environmental Policy Planning*, 12: 23-40.
- Stevenson, Nick (2011): "Localization as subpolitics: The Transition movement and cultural citizenship". *International Journal of Cultural Studies*, 15 (1): 65-79.
- Swyngedouw E., (2007) Impossible "sustainability" and the postpolitical condition. I Krueger, R., Gibbs, D (red), *The sustainable development Paradox*. London The Guilford Press 2007, 2010, 2013
- Swyngedouw E.,(2010) Apocalypse forever? *Theory, Culture and Society*. (27) 213-232
- Swyngedouw E., (2013) The non-political politics of climate change ACME. *International E-Journal of Critical Geography*. (12), 1-8.
